

Kjempor

Stend du og ser
inn i fjellheimen fager:
topp attom toppar
og tind attmed tind.
Sume seg tøyer
høgt yver andre,
som vil dei stiga
i himmelen inn.

Stend du og ser
yver skogane vide,
øygnar du stundom
ei kjempa som ris
rak yver andre, -
breibygd er kruna,
brusar i stormen
og susar i bris.

Stend du og ser
yver tidene farne
skiftande ætter
i aldrar og år.
Sume seg lyfter -
slett ikkje mange -
kjempor som upp
yver jamn-målet når.

Truleg dei sjølv
ikkje såg seg so store,-
vonom dei andre
ei heller det gjorde.
Visseleg ville
dei sjølv vera små,
at dei var kjempor,
no alle kan sjå.

Herren deim dana,
adla og aga,
tidt i ei øydemark
ut han deim jaga,
tok deim so att
som det blankslipte stål,
ny-kveste piler
som song mot sitt mål.

Verdi deim vanda,
vismenn deim vraka;
stundom dei spit-ord
og spott måtte smaka,-
stridde og blødde
for verdi sitt vel,
gløymde seg sjølv -
og berga si sjel.

*Trygve Bjerkrheim (1904-2001)
Diktet er henta frå Ordet og livet,
Lunde forlag 2001.*

I dette nummeret:

Lars Bjarne Marøy:	Politikk i målrørsla på alternative premisser	s. 2
Olav Torheim:	100 år med elektronikk - kvar vil det heile enda?	s. 4
Lars-Toralf Storstrand:	Koshermat - meir enn religion	s. 5
Johannes Gjerdåker:	Ei bragd av Erik Bystad	s. 7
Lars Bjarne Marøy:	Stridsmennene for konservatismen i Danmark	s. 8
Tore Lund:	Tri godbitar for bibelinteresserte	s. 11
Lars Bjarne Marøy:	Ei handverksbok i skrivekunst	s. 12
Erez Uriely:	Vinstreekstremistane	s. 14
Ronny Spaans:	Huizingas haust	s. 16

Politikk i målrørsla på alternative premisser

Av Lars Bjarne Marøy

Målfolk kann vera utruleg upphengde i at målsaki skal leggjast fram på den rette måten. Heilt frå slutten av 1800-talet hev mange leidande målfolk vore knytte til kulturliberale idear og mange hev vore avvisande til kultur- og verdikonservatisme. Det ligg for mange i målsaki at ein vil brigda det innarbeidde gjerne med revolusjonerande verkemiddel for sume. I Noreg hev dei nasjonale verdiane og symboli vorte meir knytte til venstresida enn til høgresida. Høgresida var knytt til det gamle embetsstyret og vinstresida til det folkelege opprøret mot dette styret. Høgresida var i utgangspunktet sterkt knytt til felleskulturen med Danmark og med ei internasjonal orientering, medan vinstresida orienterte seg mot dei nasjonale verdiane i bondekulturen.

Med den vinstreorienteringi som målrørsla hev vore knytt til hev det fylgt heile programpakkor. I utgangspunktet var det partiet Venstre som var leverandør. Målmannen var gjerne kristlyndt og fråhaldsmann. Seinare på 1970-talet vart mange målmenn sosialistar. Med det fylgde ikkje berre positive standpunkt i mange opprørssaker, men òg klåre standpunkt i utanrikspolitiske saker. Målmannen skulde vera målmann på dei rette premissane. Soleis hev målfolk til dømes hissa seg upp yver at nokon kann finna på å snakka um pornoblad på nynorsk eller yver at riksmålsfolk skal blanda seg upp i målstriden. Døme på det sistnemnde finn me seinast i Dag og Tid i år. Etter at riksmålsmannen Aarnes hadde uttala at det vilde vera skadeleg for målet å vera underordna ulike politiske ideologiar, kom det fleire sinte motinnlegg.

Den perfekte nynorsken er den nynorsken som kann underordnast dei politisk korrekte oppfatningane til venstresida er det likt til. Målfolk er soleis redde for å taka standpunkt eller jamvel å blanda seg upp i saker som kann verka kontroversielle for vinstresida, men dei kastar seg snøgt på i kritikk mot høgresida dersom dei ser seg tente med det. I dette nummeret gjer Målmannen det motsette. Bokmeldingi av "Den konservative årstid" set spyrjeteikn ved den politisk korrekte tenkjingi. Det same gjer Erez Uriely i artikkelen sin um dei vinstre-ekstreme.

Med dette vil me spytja um det er slik at målrørsla ein gong for alle skal vera vinstreorientert i viktige saker. Eller um

det faktisk òg let seg gjera for målfolk med andre ståstader å få markert seg og få kome til orde i rørsla.

Det finst målfolk som hevdar at folk i målrørsla ikkje skal blanda seg upp i ålmenpolitikk, men berre interessera seg for målsaki. Men då må ein spytja seg um det finst noko slikt som nøytrale standpunkt i ei rørsla som er so prega av idear og standpunkt som på eit eller anna tidspunkt må verta til politikk. Finst det i det heile noko samfundsumråde som ikkje vil verta fanga inn av politikk på den eine eller andre måten. Um ikkje anna måtte det vera eit mål for sume å få frigjort sjølve målet som system eller norm frå politisering, berre det vilde vera ei politisk sak. Kor mykje meir politikk er det ikkje då i å få fremja bruken av nynorsken?

Det undrar oss at målfolk stødt er interesserte i å kritisera alle som ikkje brukar nynorsk, men ikkje i å forstå korleis bokmålsbrukarar tenkjer. I ei verdikonservativ og kulturkonservativ forståingsråma vil ein vera interessert i å henta impulsar og prøva å forstå andre menneske, heller enn å setja fram krav um drastiske samfundsbrigde som skal skje yver natti. Men mange leidande målfolk held seg til dei bastante kravi.

Mange leidande målfolk ser på målsaki som ei frigjerings sak. Det klassiske mållagsmøtet er eit møte der ymse talarar vitnar um kor gildt det er å nytta målføret sitt, serleg i eit bymiljø og kor frigjerande dette verkar på dei og kor fælt det er med bokmålet og den yvermakti som gjeng mot dialektbrukarane. Er dette nøytral målsak? Nei, skal ein vinna fram med målsaki, må ein arbeida for å fremja det nynorske skriftmålet og gjera det kjent millom folk. Skal målrørsla lukkast må ho sjå på seg sjølv som ei leidande og ny rørsla som skal yvertaka og vinna yver bokmålet på alle samfundsumkverve.

Mange leidande målfolk ropar på staten, staten må skaffa midlar til det eine og det hitt. Ei framgangsrik rørsla ropar ikkje etter staten, ei framgangsrik rørsla skapar so gode resultat at samfundet ikring sluttar upp um dei ideane som målrørsla arbeider for. Det er ei rangslutning å tru at pengar løyser noko problem. Det er når problemet er løyst at pengane kjem. Olja i nordsjøen var verdlaus fyre nokon fann ut at olja kunde nyttast og kunnskapen um å pumpa upp olja er avg-

jerande for at olja kann nyttast til noko som helst. Fyresetnaden for at målrørsla skal lukkast er at målfolk er i stand til å forstå og forklåra bokmålsbrukarar kvifor målsaki er viktig. Ut frå ei sosialistisk tenkjing hev derimot målrørsla rett og resten er uinteressant. Difor turar målfolki på med sitt utan umsyn til umverdi. Det skapar sekterisme.

Men kva so med utanrikspolitikk? Det kann då ikkje ha noko med målsaki å gjera vil mange hevda. Det kjem seg truleg av at mange målfolk ser på målsaki utifrå eit slags moderne mangfelde og minoritetsspråksstandpunkt. For oss er derimot målsaki ein del av eit 5-6000 årsperspektiv. Dei fyrste skriftspråklege kulturane la grunnlaget for den sivilisasjonen me hev i dag. Gjenom den antikke språkarven me hev i gresk og latinsk mål og den språklege arven som vart grunnlagt med den jødisk-kristne tradisjonen hev me eit grunnlag for det språket me hev i dag. Utan dette grunnlaget er det vanskeleg å sjå fyre seg korleis ein moderne sivilisasjon vilde sjå ut.

Den arven me hev bygt hev gjeve sterke skriftmål og eit språkmangfelde av store språk. I målrørsla er det vanleg å sjå på dei store språki som engelsk, fransk, spansk med meir som språkundertrykkjarar. Det vert synt til språklege mindretal som finst innanfor dei umrådi der desse språki er dei mest rådrikne. Det ein ser burt frå er at det ikkje alltid er slik at resten av verdi i det heile held seg med eller hev ressursar til å halda seg med so mange språk som i Europa, og då ser eg burt frå mindretalsmåli. I latinamerika er spansk og portugisk sers dominerande, i USA er det engelsk og spansk, andre stader er det eit eller nokre fåe mål som er dominerande der òg. Andre mål finst, men dei er langt frå so sterke som verdsspråki.

Nynorsken hev ei etter måten sterk stoda, og målet må vera å gjera målet like sterkt gjeldande som andre sterke og nasjonsberande europeiske mål. Å sjå til mindretalsmåli og deira yverlevingsstrategiar vert misvisande. Kvifor interesserar målrørsla seg meir for samisk, frisisk, katalansk eller baskisk enn for gamalgresk, spansk, russisk, polsk eller fransk målreising?

Det historiske grunnlaget for målstoda i det kristne Noreg og Europa burde

vera upplagt for dei som kjenner saga. Den arven me hev er ikkje so upplagt um ein ser på målsak og målreising i den arabiske/islamske verdi. Ettersom islam la under seg nye landumråde vart jødar og kristne forfylgde og avretta og arabisk innført som rådande mål. På sume område greidde lærde menn å halda tritt trass i den einsrettande orienteringi som låg i islam. Men etter kvart som islam vann fram vart det ein grunnleggjande strid for det kulturgrunnlaget som me kjenner som vårt eige i dag, og det som me ser i islamske land i dag. Det var nære på at me skulde tapa ved fleire høve. På 700-talet greidde lukkelegvis Frankrike å vinna yver islamske krigarar. I ein periode var både Spania og Tyrkia yvervunne, Tyrkia er framleis muslimsk som det vart då austromerriket gjekk under i 1453. Seinare var Austerrike nære ved å verta teke.

Dersom islam hadde vunne yver kristendomen vilde me ha havt eit anna Europa både språkleg og kulturelt. Det me veit i ettertid er at dei umrådi der islam vann fram og der det vart tala eit semittisk språk frå fyrr, der slo arabisk rot for godt. Andre stader dominerte arabisk berre på yverflata, men sette tydelege merke i form av lånord i dei lokale måli (til dømes i spansk). Der arabisk vart nytta til religiøse seremoniar heldt målet seg på same måte som latinen heldt seg som kyrkjemål i Europa. (Språkpolitikk på fem kontinent, red. Lars S. Vikør, Samlaget, Oslo 1977, s. 160-)

Uppgjenom saga hev dei statane som vart underlagde islam vorte språkleg og religiøst einsretta i den grad at når ein snakkar um dialektar og lokale mål, so er det i mange tilfelle berre tale um ulike variasjonar av arabisk. Jamvel ei sterk etnisk gruppering som kurdarane hev ikkje makta å dana noko eigen stat, men kurdisk mål hev ei viss utbreiding og bruk i nokre frisonor.

Armensk mål hev markera seg, men armenarane vart utsett for eit av dei største yvergrepi som tenkjast kann kring slutten av 1800-talet og byrjingi på 1900-talet. 1 til 1,5 millionar armenarar vart drepne av ulike muslimske styrkar. Assyrarane, eit gammalt kulturfolk med røter fleire tusund år attende vart utsett for liknande yvergrep. I dag lever assyrarane spreidd i mange land. Yvergrepi mot armenarane gav inspirasjon til liknande idear hjå Adolf Hitler. Fyre feltoger mot Polen sa han det slik:

"Jeg har udstedt en ordre - og jeg vil

have enhver, der ytrer blot ét kritisk ord om den, henrettet - om, at vores krigsmål ikke består i at nå specifikke linjer, men i fjendens fysiske destruksjon. Derfor har jeg sat dødningehovedformationerne i beredskab - for øjeblikket kun i Øst - med ordrer til uden barmhjertighed og medfølelse at dræbe mænd, kvinder og børn af polsk afstamning og sprog (mi uthevjing). Kun således vil vi opnå det Lebensraum, vi behøver. Hvem, når det kommer til stykket, taler i dag om udryddelsen af armenierne?"

Sitatet er henta frå Hitlers tale til generalane 22. august 1939, på Obersalzberg. (<http://www.document.no/weblogg/>)

Det høyrer til eit sersyn at ein stat i Midt-Austen med ei avvikande religiøs forankring hev makta å reisa seg og halda stand i nærværet av 300 millionar arabiske grannar, mange av deim med sterke rasistiske haldningar til jødane. Ikkje nok med det. Israel hev makta å reisa uppatt eit fleire tusund år gammalt kultur mål, hebraisk.

Derimot er det ikkje noko sersyn i den kristne delen av verdi at ein hev reist nasjonalmål og at ein hev dana egne målumråde trass i at ein hev havt latin, gresk og kyrkjjeslavisk som viktige yverbyggnader. Frå Noreg kjenner me millom anna til at delar av bibelen alt på 12-1300-talet vart umsett til norrønt. Med reformasjonen kom nye umsetjingar, um enn ikkje til vårt mål denne gongen. Me treng so visst ikkje å tala noko avbrigde av latin eller av arabisk for den saks skuld. Men hadde makttilhøvi i verdi vore onnorleis kunde det fort ha snutt seg i andre leider. Det er soleis grunn til å fylgja med og vera kritisk til det som skjer på den utanrikspolitiske fronten. Me vert meir påverka av utanverdi i dag enn nokosinne.

Den jødisk-kristne arven og kulturgrunnlaget frå antikken er byggjande og hev ei kraft i seg som ikkje kann undervurderast. Dei som vil sjå burt frå dette når dei skal driva målreising, må definitivt leita andre stader enn i den islamske verdi. Synet på utanrikspolitikk og synet på målreising heng saman. Målfolk må læra seg til å sjå for seg nye politiske synsmåtar og tilnærmingar.

Hugsa bladpengane!

Det er viktugaste innkomekjelda vår

Målmannen

Utgjevar:

Samorganet Målmannen

Tilskrift:

Målmannen
Natland stud. by S136
5081 Bergen

Bladstyrar:

Olav Torheim
Natland stud. by S136
5081 Bergen
olaveth@start.no

Netstad:

<http://maalmannen.sambandet.no>

Bladpengar kr 150,-

Bankgiro 2291 14 45666

Målmannen fylgjer redaktørplakaten.

Gåvelista

Sidan fyre gåvelista, som stod i nr. 2/2004, hev Målmannen fenge gåvor frå desse lesarane:

Jostein Krokvik, Fiskåbygd, 500 kr, Per Inge Bale, Øvre Årdal, 300 kr, Ivan Digernes, Oslo, 150 kr, Herman Ranæs, Trondheim, 150 kr, Robert K. Anderson, Hovin i Telemark, 150 kr, T. H. Langsholt, Oslo, 150 kr, Laurits Killingbergtrø, 150 kr, Olav Fure, Hareid, 150 kr, Magne Myhra, Voss, 150 kr, Anna Sunniva Bjordal, Melhus, 150 kr, Kjell Hellesøe, Stavanger, 150 kr, Bjarne Mål-snes, Kokstad, 150 kr, Thoralf K. Bergwits, Arendal, 100 kr, Trygve Skomedal, Oslo, 100 kr, Kåre Magne Holsbøvåg, Kleive, 50 kr, Knut Dale, Odda, 50 kr, Halldor Slettebø, Oslo, 50 kr, Arnold Lund, Sandnes, 50 kr, Torstein Sausjord, Voss, 50 kr, John Ole Askedal, Oslo, 50 kr, Torgils Vågslid, Eidsvoll 50 kr, Magne Myhren, Oslo, 50 kr, Oddmund Veve, Valestrandsfossen, 50 kr, Nils Bolstad, Voss, 50 kr, Frode Ringheim, Ytteren, 50 kr

I alt 3050 kronor.

Hjartans takk for gåvone!

*Målmannen treng gåvor
skal bladet tryggast*

100 år med elektronikk - kvar vil det heile enda?

Av Olav Torheim

Upptakti - elektronrøret

Um me skal freista tidfesta når elektronikken vart etablert som ein eigen industri, kann me empirisk sett slå fast at han fekk den fyrste upptakti gjennom bruken av krystalldiodar til detektering av trådlause radiosignal. På den teoretiske sida kann me føra elektronikken attende til 1897, då J.J. Thompson gjennom studiet av elektrisk leiding i gassar kunde påvisa eksistensen av elektronet. Det fyrste elektronrøret, dioden eller ventilrøret vart oppfunne av J. A. Fleming i 1904.

Det verkelege framsteget vart so gjort eit par år etter, då Lee De Forest kom på å setja eit styregitter inn i elektronrøret. Dimed hadde han funne opp trioden, og det vart råd å styra elektronstraumen. Patentet vart straks kjøpt opp av det amerikanske telefonselskapet AT&T som på denne tidi arbeidde med å byggja opp eit transkontinentalt telefonnet. Med røyrforsterkaren løyste dei problemet med demping av elektriske signal i dei lange, resistive koparleidningane.

Gjenombrotet - transistoren

Med kvart fekk elektronikken ein nær sagt eksplosiv framvokster, både kvalitativt og kvantitativt. Elektronrøret vart stødt utbetra, og det vart konstruert mange spesialrøyr. Men verkemåten var heile tidi basert på styring av ein elektronstrøm i vakuum eller ein uttynna gass. Eit nytt vendepunkt kom so i 1948, då W. Shockley og medarbeidarane hans i Bell Labs fann opp halvleidartrioden eller transistoren. Bell Labs hadde i lang tid vore på jakt etter eit element som kunde avløysa dei elektromekaniske relebrytarane i AT&T sitt telefonnet.

Med halvleidarcomponentane fekk elektronikken ei endå meir rivande utvikling, ikkje minst etter at det vart teknisk mogleg å framstella sokalla integrerte krinsar. Frå 1960 av hev halvleidarcomponentane praktisk tala trengt elektronrøyr heilt burt.

Den fyrste integrerte krinsen vart bygd i 1958 av Jack Kilby hjå Texas Instruments. Krinsen inneheldt tvo transistorar. Snaude 45 år seinare leverte Intel Pentium 4-prosessoren med 55 millionar transistorar på ei brikka. Dette svarar til ein årleg vokster på 55% yver 45 år. Ingen annan industri hev upplivd liknande vokster yver ein so lang periode.

Dei fleste hev nok høyrd um Moores

lov. Det var i 1965 at Gordon Moore observerte at talet på transistorar på ein integrert krins dubla seg kvar attande månad. Denne observasjonen vart heitande Moores lov og hev vorte ein sjølvuppfyllande profeti.

Normalt vil det alltid vera ei veging millom effekt, snøggleik og arealforbruk når eitkvart skal konstruerast. Men med kvart som transistorar vert mindre, vert dei både snøggare og konsumerar mindre effekt. Med kvart som prosessindustrien vert betre, hev det vorte mogleg å skalera transistorane ned til stødt mindre dimensjonar. I dagsens prosesseteknologi er transistorlengder på 180 nanometer eller mindre vorte vanleg.

Nyovringar og produktforbetringar

Den fyrste elektroniske datamaskinen, ENIAC, vart påbyrja i 1942 hjå University of Pennsylvania og stod ferdig i 1946. Han var sett i hop av 18.000 elektronrøyr. ENIAC nytta 200 mikrosekund på å utføra ein addisjon og 2300 mikrosekund på å utføra ein multiplikasjon.

Frå midten av 1940-talet vart ei rad datamaskiner bygde, stødt med betre teknologi. Tidleg på 1950-talet vart det utvikla miniatyrkomponentar til bruk i transistorkrinsar. Den fyrste transistorbaserte datamaskinen vart bygd av IBM i 1954. Når elektronrøyr var ute or bilætet, trongst det ikkje lenger spenningar på 150-300V. Komponentar som til dømes kondensatorar kunde utformast til å tola berre 6-12V og motstandar kunde utformast for svært lågt effektforbruk.

Andre framsteg på 1950-talet var inntoget av automatiske montasje- og loddestasjonar. Pick-and-place-maskinar og teknikkar med bylgjelodding gav sterk auke i produktiviteten.

I 1960 kom Sony med den fyrste kommersielle transistorradioen. Transistorradioen var liten og robust og han kunde drivast av eit lite batteri. Soleides representerte han eit stort framsteg i høve til dei røyrbaserte radioapparati som både var store og skøyre og hadde høgt effektforbruk.

Frå småskala-integrasjon til storskala-integrasjon

Den fyrste transistorbaserte logikkfamilien vart kalla TTL (transistor-transistorlogic) og var bygd opp av bipolare tran-

sistorar. I 1963 vart komplementære felt-effekttransistorar, kalla CMOS, tekne i bruk hjå Fairchild Semiconductor. Dei fyrste integrerte CMOS-krinsane vart utvikla hjå RCA i 1968.

CMOS-krinsane kunde skalerast ned til mindre dimensjonar enn det ein kunde med bipolare transistorar. Dei var opphavleg tråare enn TTL, men konsumerte mindre effekt. CMOS vart difor teke i bruk i klokkor og på andre felt der batterilevetid er viktugt. Teknologien hev stødt vorte forbetra og er i dag fullstendig dominerande i digitale krinsar. Blanding av analog og digital elektronikk på same brikka hev ogso ført til at analog elektronikk hev migrert yver til MOS-teknologi.

På tidleg 60-tal vart integrerte krinsar tekne i bruk missilar og romfarty. Det amerikanske Apollo-programmet var medverkande til å introdusera digitale datamaskinar i styresystemi åt rakettar og missilar. Styresystemet åt Minuteman-missilet, den kjende interkontinentale atomraketten, inneheldt til dømes ein datamaskin bygd opp av integrerte krinsar. Utviklingi av Minuteman-missilet førde til masseproduksjon av integrerte krinsar.

So lenge det berre var eit fåtals transistorar som kunde integrererast på ei brikka, laut ein ty til magnetiske kjernar når ein skulde få tilgang på litt større datamengder. Datamaskinen på Minuteman-missilet nytta til dømes ei roterande magnetisk skiva med um lag 4 kilobytes av lagringsminne. Den gjennomsnittlege aksesstidi på 5 millisekund er etter dagsens standard ekstremt trå.

I 1970 vart den fyrste integrerte RAM-brikka på 256 bits produsert hjå Fairchild Semiconductor. Tvo år seinare kom Intel med ein RAM på 1024 bitar. Det same året produserte Intel den fyrste 8-bits mikroprosessoren, kalla 8008. Dei fylgde på med ein 4096 bits RAM i 1975 og 16384 bits RAM i 1976. Medan ein tidlegare hadde havt småskalaintegrasjon med einfelde teljarar og tidtakarar, kunde ein no byrja tala um storskalaintegrasjon - LSI - og seinare VLSI, som er ei stytting for Very Large Scale Integration.

Nye konstruksjonsteknikkar

Den aukande transistortettheten førde samstundes til at ein laut finna nye teknikkar for korleides ein skulde utnytta

dei ressursane som er til rådvelde. For berre nokre tiår sidan var koplingsskje-maet det høgste abstraksjonsnivået ein krinskonstruktør hadde til rådvelde. Men det segjer seg sjølv at det vilde vera uråd å halda fram med å teikna kvar einiskild transistor.

På 80-talet utvikla det amerikanske forsvaret programmeringsspråket VHDL. VHDL skulde nyttast til simulering og dokumentasjon av digitale krinsar. På 1990-talet vart det utvikla automatiserte syntesemaskinar som kunde syntetisera VHDL-spesifikasjonar ned til nettlis-tenivå.

Den stødt aukande bruken av logikkysyntese hev i dag flutt utbjodin-gane frå krinsnivå til systemnivå. Kon-struktøren kann skriva spesifikasjonen i eit programmeringsspråk, som regel VHDL eller Verilog, og yverlata til synte-semaskinen å laga det endelege utlegget. Berre for dei største volumi vil dei store kostnadene ved ei fullstendig manuell utforming kunna rettferdiggerast.

På same måten som det hev vore i årevis innanfor programvare, hev umat-bruk vorte eit stikkord innanfor elek-

tronikkindustrien. Prosessorar og per-iferieiningar vert selde som sokalla "mjuke kjernar", dvs spesifikasjonar på maskinvarekrinsar som kann imple-menterast på ei brikka saman med annan eigendefinert logikk. Eit parameterstyrt synteseverktøy vert nytta til å setja i hop dei brukarspesifiserte maskinvaremodu-lane.

Maskinvare og programvare høyrde lenge til i kvar sine åtskilde verder. Med dagsens "embedded systems" hev dette skiljet vorte viska ut. Dei mest generelle funksjonane vert gjerne skrivne i eit pro-grammeringsspråk, td C++, og køyrde på ein mikrokontroller medan dei meir maskinvareintensive funksjonane vert skrivne i VHDL og syntetisert ned på ein eigen modul. Til slutt kann alle kompo-nentane, dvs mikrokontrolleren, den kundespesifiserte maskinvaren og ein ROM med styreprogrammet implementerast på den same integrerte brikka.

Skalering - kvar vil grensa gå?

For mange mikroprosessorar er det verdt å merka seg at klokkesnøggleiken hev auka meir enn det transistorordimensjonane

hev minka. Dette kjem av forbetringar på mikroarkitekturnivå. Det er lite sannsyn-leg at denne voksteren kann auka so mykje lenger. For dagsens CMOS-logikk vil det dynamiske effektforbruket auka lineært med klokkesnøggleiken. Attåt dette hev ein eit stødt aukande problem med statisk effektforbruk. For nokre år sidan slo visepresidenten i IBM fast at dersom det held fram som i dag, vil ein IC snart ha like stort effektforbruk som det er på soli. (Men det høyrer med til soga at han modererte utsegnen sterkt den neste dagen etter at Intel-aksjane hadde ramla med åtte prosent)

I prosessteknologien hev det fleire gonger nærma seg barrierar som dei fleste hev trudd det var uråd å koma yver. I 1972 vart det sagt at grensa vilde gå ved transistorlengder på 25 mikrometer. Årsaki var kvantemekaniske tunneleffek-tar i transistoroksidene og fluktuasjonar i dopenivået på halvleidarmaterialet. Klokkefrekvensen vart spådd å flata ut ved 10-30 MHz. I dag ser det ikkje ut til at nokor fundamental barriere finst fyre 35-nanometergenerasjonen som ein ven-tar å ha nådd um ei ti års tid.

Koshermat - meir enn religion

Av Lars-Toralf Storstrand

I vår helsefikserte tid, er me upptekne av kva mat som er sunn og kva som er usunn, skadar det ikkje med eit innspark frå ein annan vinkel...

Dei fleste nordmenn, kristne som ikkje-kristne, gjeng ofte ikring og trur at mat - hev berre med å liva å gjera. Yverliva, altso. Det meste me veit um umgripet Kosher er det me hev høyrte i amerikanske filmar. Altso mest inkje. Andre sit og trur at "kosher" handlar om "rein" og "urein" mat og blandar inn frelse og fortaping i spursmålet. Men det er helder ikkje heilt rett. Umgrepet er mykje vidare, og det gjeld meir helse, enn religion.

Mange av reglane handlar rett nok um kva me kann/skal eta og ikkje. Det er og her det hev vakse fram ei mengd mistydingar, og dei skal eg dryfta nærare nedanfor.

I norden hev me heilt sidan vikingetidi vore vande med å eta blod-mat, kann henda endå lenger. Difor er det mange som kosar seg med både blodpan-nekakor og blodpylsa - og ser du etter på kjøtmaten du kaupar i butikkane skal det ikkje mykje til for å finna ut at det er tilsett blodproteinar i mange av produkti.

Men er det helsesamt å eta blod? Eit sidesprang her: Under Apostelmøtet i Jerusalem i året 49, vart det slege fast at dei "heidningekristne" (det er oss, millom anna), skulde halda seg burte frå "alt som er gjort reint ved avgudar, frå hor, frå kjøt som er kvelt og frå blod". Dei fleste som forkynner um dette i dag er samde um både avgudsdyrking og hor ... men det er fint få som segjer noko som helst um blod og kvelt kjøt. Kvifor det? Kann det hava noko med det å gjera at dei veit at mange av dyri som vert slakta i norsk kjøtindus-tri i dag i røyndi vert strøypete? Og hev det noko å gjera med at blodmat er tradis-jonsbunde? Underskrivne voks sjølv upp med blodpylsa, og det hende at eg fekk smaka blodpannekaka hjå grannen. Eg må segja at orsakingi ligg i at eg ikkje visste betre.

Lat oss sjå på helsesidone ved kosher-regulativet, og eg bed lesaren hava meg orsaka dersom eg fell av i siter-ing av bibelvers. Det er ikkje meiningi å driva evangelisering av anna enn helsevangeliet her.

Me liver i ei samtid der kreft og hjarteskjukdomar florerar, og aukar for kvart år som gjeng, jamvel um me et meir

lettmat og drikk meir lettmjølk og meir og meir av magre produkt enn nokon gong. Kann det vera nokon samanheng i dette?

På grunn av lengdi på ein slik artikkel som denne kann me sjølvsagt ikkje ganga i detaljar. Lat oss difor sjå stutt på kjøt, generelt. Tredje moseboki kap. 11 umtalar at dyr som er kosher både må ha klauver og jorta (tyggja drøv). Altso dersom dyret jortar, men ikkje hev klauver, er det ikkje kosher. Og dersom dyret hev klauver, men ikkje jortar, so er det helder ikkje kosher. Dimed kann me slå fast at grisen, hesten, haren og kanina - og ei mengd med andre dyr ikkje er kosher.

Alle tame fuglar (hønsefuglar) er kosher (med undantak for papegøyar og undulatar og parakittar sjølvsagt). Rovfuglar er helder ikkje kosher - av di dei er åtselvfuglar, og millom anna et kjøt. Skarv, eller amerikansk kråke som onkel min kalla det då han var liten - er altso ikkje kosher.

Fisk skal både ha uggar og reist (finnar og skjelhud). Difor må ein sjå burt frå alle former for skaldyr, og dessutan

Til neste sida...

Frå fyrre sida...

hai, kval og ål. Kvalen er eit pattedyr, men hev korkje klauver eller jortar...

Egg og mjølk er i utgangspunktet kosher, so lenge dei kjem frå dyr som er kosher. Grisemjølk er altso ikkje kosher, og det same gjeld egg frå rovfuglar. Storkningsmiddel og feitt frå dyr som ikkje er kosher er like usundt.

So finst det dei som heng seg upp i eit ord frå 2. Mosebok der det stend at "du skal ikkje koka kjeet i mors mjølk", ei mistyding som hev skapt store vandemål upp gjennom hundradåri. For det handlar eigenleg ikkje um å blanda mjølk og kjøt. Det handlar um å ikkje eta kjøt frå dyr som syg mjølk av mor si. Altso er korkje kjøt frå kje, kalvar eller lamb som syg mjølk kosher. Det er av di morsmjølki åt desse dyri er sprengfulle av hormon som er usunde for oss menneske. Når det gjeld grønsaker og frukt, derimot, er alt kosher.

Lat oss sjå litt nærare på svinekjøtet. Eg tykkjer eg ser fyre meg parolane hjå folk no: Røyv ikkje svinekotelettane mine! Nok um det. Einkvan som hev aldri so lite kjennskap til grisen, anten via personlege røynslor eller frå litteraturen, veit at grisen er kanibalistisk og altetande. Kor mange gonger hev eg ikkje lese: "Purka et ungane sine! Purka et ungane sine!" Dette med at grisekjøt/svinekjøt ikkje er kosher hev altso ingenting med det faktum at grisen rullar seg i søla å gjera. Det hev å gjera med at grisen millom anna et kjøt. Og dyr som et kjøt er ikkje kosher. Umframnt dette hev grisen eit sveittesystem som gjer at sveitten vert silt gjennom kjøtet og gjeng ut gjennom føtene. Det som folk flest kallar svor og frygdar seg yver på jolaftan er meir eller mindre storkna sveitte. Delikat å tenkja på at svinekjøtet faktisk er marinert i uutredd urinstoff, ikkje sant?

For mange år sidan møtte eg eit argument um at Bibelen kunde ein ikkje lita på av di det stod skrive at haren jorta (var drøvtyggjar) - og vedkomande slo fast med fynd at det var gale. Det verste var at han hadde rett. Haren jortar ikkje. Han er falsk drøvtyggjar. Haren et nemleg si eigi avføring, etter fyrste gongs sirkulasjon. Det same gjeld kanina. Dette gjer at kjøtet frå desse tvo dyri er fulle av giftstoff frå denne avføring - og slettes ikkje so sundt å eta som ein skulde tru. Nett slik svinekjøtet er urinmarinert, kann ein segja at hare- og kaninkjøt er marinert i avføring.

Og so nokre åtvarande ord um mjølkematen du tyllar i deg, og som truleg er årsak til mange av allergisjukdomane som rir den vestlege verdi som ei mare. All mjølk i vår tid er pasteurisert. Det er bra. Det gjer at mjølki held seg lenger og friskare. Men mjølki er ogso homogenisert, og det er ikkje so bra. Det tyder nemleg at mjølkefeittet er knust til så små einingar at det kjem seg forbi kroppen sine naturlege tryggjingsventilar. Det fører til at lekamen vår vert fylt av animalsk fett i altfor store mengder... "Jamen, eg drikk berre lettmjølk," sejer sume. Men då skal du vita at det helst er verre, for i prosessen med å laga lettmjølk fjernar ein naturlege mineral som til dømes CLA og vitaminar som kroppen vår treng for å bryta ned fett. Fylgjone vert at ein ved bruk av lettmjølk truleg vert sitjande att med meir skadeleg feitt i kroppen enn ved bruk av heilmjølk. Kosthaldsspesialistar som ikkje er tilsette av staten og sponsa av Tine tykkjest vera samde um dette. So drikk anten heilmjølk eller skumma mjølk, du. Men tak deg gjerne ei støyt rein fløyte av og til. Du hev ikkje vondt av det. "Ekstra Lett Mjølk" stend det på kartongane d.v.s at dei er tilsette kunstig D-vitamin... som er laga av grisehjerner og algar og fiske-skinns og griseskinns. Industrikonferansen Vitamin D Workshop på Internett hev mykje um dette stoffet.

Visst du forresten at for mykje vitamin D er skadeleg for deg? Det er soli som skaper vitamin D gjennom stråling av hudi di, og hudi vert brun millom anna for å hindra hudi å skapa for mykje vitamin D - sterkt forenkla.

So litt um skaldyri. Alle desse lekke rekone, krabbane og giftuge blåskjeli som det vert åtvare mot kvar sumar. Men er det eigenleg so sunt å eta skaldyr som ein kan få tokken av? Sanningi er at skaldyr er åtseldyr dei òg. Havsens eige renovasjonsverk, var det ein kosthaldsfysiolog som kalla dei for for nokre år sidan. Diverre hev me for liten plass til at me kann gjera meir enn dette ut av det.

Kva so med skadde dyr? At sjølvaude dyr er lite helsesame er kjent, men kva med ei ku som er skadd, sundrivi eller ligg med brøten fot? Kvifor ikkje eta kjøtet av desse? Svaret ligg i hormoni adrenalin og endorfin. Stoff som kroppen produserar millom anna for å døyva smerte. Desse er skadelege i den menneskelege dietten. Hev du ansa på at kjøt til tider kan smaka beiskt - då er det

grunn til å tru at det er av di hormoninnhaldet i stoffet er for høgt. Ser-skilt når det gjeld adrenalin. Ein ting til sist er at det er langtidsskadene av hormon som er verst. Spyr berre deim som hev dopa seg gjennom halve livet. Nedgangen i spermietal hjå menn kan godt vera verknaden av dette.

Når eg no vender attende til blod, er det for å utdjupa ting som hev vore sagt um næringsverdet av blod. Blod er nemleg sers næringsrikt. Men... blod er ogso slik genetisk samansett at det bryt ned produksjonen av ei rad pigment i menneskekroppen. Hudi vår vert mindre motstandsfør mot sol og UV-stråling. Blod er altso fårlegt i langt større umfang enn kva overføring av allnema (AIDS), skrapesjuka og Creutzfeld-Jacobs gjeld.

Likevel er det forbode ved lov i dette landet å driva kosher-slakting. Men det er det få som veit. Det er berre muslimar som fær driva halalslakt på dispensasjon, endå det er lett å prova at halalslakt er beintfram dyreplaging. Norske slaktarar har uttala seg sers kritisk om dyr som ligg og pinest i hel over ein halv time, avdi pulsåra berre vert snitta, ikki tversskôri. Men norske styresmakter tek ikkje tak i saki. Det er visst for rasisme å rekna - det òg. Skilnaden millom halalslakt og kosher-slakt er nemleg det at under kosherslakt er dyret daudt etter fem sekund. Nær sagt smertefritt, men alt som ikkje er politisk korrekt i dette landet - det talar me ikkje um. So fær du ha god matlyst, då.

Kosherkjøt:

Ku, ukse, kalv som ikki diar, geit, kje som ikki diar, sauder og lamb som ikki diar.

Kosherfisk:

Abbor, ansjos, blåkveite (hellefisk), brosm, flyndre, gjedde, gullbust (strømskalle), harr, hestemakrell, horngjel (hornfisk), kviting, hyse, karpe, kolmule (lysing), krøkle (smelt), kveite, laks, laksestørje, lange, lyr, maisild, makrell, multe, aure, raudspetta, raudtunge, sandflyndre, sanktpetersfisk, sardinar, seid, sea bass (havabbor), sild, sjøaure, sjøtunge, skarpsild, slettvar, snapper-fiskar, torsk, tunfisk, uer.

Sank ein tingar til
Målmannen!

Ei bragd av Erik Bystad

Av Johannes Gjerdåker

William Shakespeare:

Sonetter

Gjendiktet av Erik Bystad
med originaltekst på engelsk

Etterord av Olav Lausund

Aschehoug 2004. 355 sider

Sonettar er lyriske dikt på fjortan verselinor med fem verseføter (jambar) i kvar. Alle sonettar hev enderim; det finst ei rad rimmynster, men tvo hovudtypar: den italienske og den engelske. Frå fyrst av vart sonettar dikta på provencalsk i Provence i det noverande Sud-Frankrike, på 1200-talet. Derifrå spreidde sonettdiktingi seg til Sicilia og so til Toscana, der Dante og Petrarca kom til å dyrka denne formi i diktsamlingar som hadde stor verknad langt ut yver Italia i lang tid. På deira tid var sonettar kjærleiksdikt der dikteren ærar, hyller og tilbed ei kvinna.

Då denne diktformi på 1500-talet kom til England, vart sonetten der òg ei sentral form for kjærleiksdikt, ei rad diktarar gav frå seg sonettsamlingar, der hovudtemaet var kjærleik til eit menneske den einskilde dikteren heldt av. I denne tradisjonen stend William Shakespeare (1564–1616) òg. Han fekk prenta si samling «Shakespeare Sonnets. Never before imprinted» – i 1609. Dei var ikkje nyskrivne då han gjekk til bokprentaren med deim, i alle fall ikkje dei fleste. Shakespeare-granskarar synest vera samde um at samlingi vart påbyrja og i stor mun dikta i 1594, på den tidi då han skreiv *Romeo og Julie* og *Richard den andre*. Boki er ei samling på 154 sonettar. Ho er nok ei av dei allra mest lesne diktsamlingane i verdi, minst like mykje i

dag, etter snart 400 år, som på 1600- og 1700-talet. Shakespeare-sonettar hev vore umsette til alle skriftspråk i verdi, soleis òg til norsk. Her i landet hev mange umsett einskildsonettar; i 1972 kom ei komplett utgåva på nynorsk av Ragnvald Skrede. No i år er ei ny fullstendig utgåva komi på bokmål med den engelske teksti åt Shakespeare parallelt; den nye umsetjaren er Erik Bystad, som med dette arbeidet hev gjort ei bragd og fortener heider.

Det hev lukkast Erik Bystad å gjenmarbeida heile den tanke-, kjensle- og bilætteven som sonettane åt Shakespeare er. Dei vanskeleg tilgjengelege linone eller versi hev han mediterert yver og kasta nytt ljøs yver med tolkingane sine. Versesmål, rytme og takt frå grunnteksti er umhugsamt førde yver til den norske teksti. Bilættefloget og klangen i originalen er stundom umogeleg å gjeva att på noko som helst anna mål, men dei ordi og ordlagi som då er valde i umsetjingi, lèt oss like vel ana det opphavlege uttrykket og bilættet.

Dei fyrste 126 sonettane i samlingi er stila til ein ung mann, kann henda i 20-årsalderen, som dikteren (diktarpersonen) ovundrar og held av. I dei fyrste 17 gjev han den unge råd; han prøver å yvertelja den unge mannen til å gifta seg og til å skipa familie, slik at han fær born som kann føra vænleiken hans vidare i ætti og soleis vinna yver Dauden og Tidi, som er medhjelparen til Dauden. Den 18. sonetten er ein av dei allra mest kjende og siterte («Shall I compare thee to a summer's day?»; frå og med denne er ein hovudidé i sonettane at den unge skal

verta udøyeleg i og med dikti som han inspirerer dikteren til. Ovundringi åt dikteren gjeng no yver til kjærleik, og ein torer segja at ei lang rekkja av sonettane høyrer til dei vakraste i all poesi i verdi. Dei amatørpsykologane som ser noko homoerotisk i dette, vil eg gjerne minna um eit uttrykk i evangeliet: «Den læresveinen som Herren elska». Her, som i sonettane åt Shakespeare, er det ein åndeleg kjærleik det er tala um.

Nokre andre personar kjem inn etter kvart som diktingi skrid fram, ein av dei er ein annan diktar som vert ein medtevlar um godviljen åt den unge mannen. Dette innstiget set i gang mykje uro, som snøgt stilnar like vel. Ein annan person som kjem inn lenger ute i samlingi, er den myrke dama, «the dark lady» som ho hev vorte kalla i litteraturhistoria, men aldri av Shakespeare sjølv. Ho er ein konfliktskapar, men den ytre handlingsgangen er i røyndi berre bakgrunn og i lange bolkar heilt fråverande.

Det som grip merksemd i framfor alt kampen dikteren fører mot Tidi, som tener Dauden. Ynsket hans um å gjera den unge mannen udøyeleg gjennom diktet, som er heile diktargjerningi hans, er eit uttrykk for denne kampen. Um noko er ålment menneskeleg og attkjennande for menneske i alle land og til alle tider, er denne kjensla av tærande tid det.

Her er ikkje plass til å gjeva att meir enn éi av umsetjingane åt Erik Bystad, og eg vel nr. 18. (Verse målet vert rett når ein i fyrste lina legg trykk på *jeg* og *du*, og i fjerde lina les *somrens*.) Til vinstre er originalteksti åt Shakespeare attgjevi, som i utgåva åt Bystad.

18

Shall I compare thee to a summer's day?
Thou art more lovely and more temperate.
Rough winds do shake the darling buds of May,
And summer's lease hath all too short a date.
Sometime too hot the eye of heaven shines,
And often is his gold complexion dimmed,
And every fair from fair sometimes declines,
By chance of nature's changing course untrimmed.
But thy eternal summer shall not fade,
Nor lose possession of that fair thou ow'st.
Nor shall Death brag thou wand'rest in his shade
When in eternal lines to time thou grow'st.
So long as men can breathe or eyes can see,
So long lives this, and this gives life to thee.

18

Skal jeg si du er lik en sommerdag?
Du har mer ynde og mer harmoni.
Hver maiknopp, skakes bryskt av vindens jag,
og sommerens lånte tid er fort forbi.
For het iblant er himmeløyets glød,
og ofte blir dets gylne glans obskur.
Alt skjønt går fra det skjønnne og mot død,
på grunn av skjebne eller streng natur.
Men alltid skal din sommer finnes her,
din skjønnhet skal bestå, du skal forbli,
og ikke gå hvor dødens skygge er:
Av diktet evig, oppstår du i tid.
Så lenge menn kan ånde, øyne se,
har diktet liv. Og du får liv ved det.

Stridsmennene for konservatismen i Danmark

Av Lars Bjarne Marøy

Brian Mikkelsen (red.):
Den konservative årstid.
Betragninger og visioner efter 2001
 Hovedland 2004. 268 sider

Politiske ideologiar vert lite diskuterte i dag, men konservatismen er ein ideologi som hev kome i søkjeljoset i det siste. I samband med valet i USA hev mange tala um «nykonservatisme». Det same umgrepet vart nytta på 1980-talet, so det er tydeleg at konservatismen er ein ideologi som vert oppfata som ny kvar gong han stikk seg fram. Det er vel ingen som talar um nysosialisme eller eit nytt sosialdemokrati. Denne språklege pirkingi segjer i seg sjølv noko. For det fyrste er det tydelegvis nokon som ynskjer å markera avstand til konservatismen med stødt å kalla han ny. For det andre er det interessant fordi konservatismen er ein elastisk ideologi. Ein ideologi som kann måta seg etter ulike umstende.

I Dagbladet 7. juli 2004 siterar Simen Ekren Ronald Fangen, som i 1927 skal ha sagt fylgjande:

«Det er konservatismens triste skjebne i vort land at den ikke har hatt mænd, som har maktet å utforme konservatismens bærende ideer og livssyn. Derfor vet man i Norge saa lite om hva konservatisme i virkeligheten er, ...»

I dag hev me ei tid havt ei borgarleg mindretalsregjering der Høgre og Kristeleg Folkeparti hev verdikonservative innslag. Denne regjeringi hev markera seg i nokre saker, men det hev vel berre i liten grad fylgt med eit prinsipielt ordskifte kring kva verdikonservatisme eller borgarleg politikk er for noko. Det er stoda i Noreg i dag. Kva so med Danmark som òg hev ei borgarleg regjering no?

Konservatismen i Danmark

I Danmark hev det dei siste åri vorte aukande oppslutnad kring ei konservativ orientering. Det hev gjeve seg fleire utslag. Til dømes hev fleire av dei konservative statsrådene markera seg. Det hev òg kome ut fleire bøker som tek opp konservativ tenkjing. Ei av dei siste er *Den konservative årstid*. Kulturministeren Brian Mikkelsen hev vore skriftstyrar for boki. Han hev vakt ordskifte i Danmark gjennom utspel som gjeng ut på at statlege studnadsordningar til kunstnarar må reserverast dei som hev røyne-



leg kvalitet. Det hev sume tolka som sensur.

Det er kor som er ingen grunn til at denne boki ikkje burde koma ut. Ho er framifrå interessant. Eg vil i denne meldingi berre gå inn på nokre fåe av dei mest illustrerande synsmåtane og utgreidingane som vert lagde fram i essay-form i boki.

Mikkelsen kjem snøgt fram til dei grunnleggjande emni som han meiner at boki tek opp.

Eit grunnleggjande emne er knytt til å verna um dei rettane og den fridomen som den einskilde må ha til å greida upp i livet sitt som han vil. So lenge einskildmennesket fylgjer det som er av spelereglar i det offentlege romet, må ikkje samfundet blanda seg upp i korleis familieliv og tilhøve millom menneske vert organisert privat. Når privatlivet og borgarlege rettar hev vorte undergravne, hev ein undergrave samfundet. Målet for politiske vegval i dag er ikkje revolusjon eller frigjering, men å halda uppe fridom, frisinn og fellesskap. Det er ikkje noko mål at folk skal vera so like som råd, men at dei skal få leva på best mogleg vis saman med vener og huslyd.

Eit anna emne som ligg forfatarane nære på hjarta, er å verna um tradisjonen og å tora å markera nasjonalt serpreg i ei internasjonal eller, som sume segjer, globalisert verd. Eit tridje emne som vert teke upp i boki, er korleis konservative skal hanskast med sokalla politisk korrekte synsmåtar. Den fyrste forfattaren me skal sjå nærare på, skriv um tradisjonen som berande i konservativ tenkjing, men me må ikkje gløyma at tradisjonen og må knytast upp til å gjera vegval i

framtid. Elles vert konservatismen ein ideologi som kann takast til inntekt for kva som helst.

Konkrete umstende i fortid og framtid

Anders Ehlers Dam skriv um historiske minne. Den reine no-kulturen er berre ein myte. Fortidi er der likevel alltid. Er det ikkje eit levande samband til saga og kulturen, finst fortidi berre som eit fråvære eller ei fortregning. Den minnelause kulturen set saga og tradisjonen åt eit land ut av spel til fyremun for abstrakte ideal.

Utan historisk minne (*erindring*) um ei fortid som danar kulturen i eit samfund, vert samfundet etterlate som utrygt og utan identitet. Ehlers Dam viser til ein bondegard. Ein mann som i dag bur på garden, kjenner kann henda ein eller tvo ættleder som hev butt der fyrr han. Han kjenner truleg òg ein del historikk knytt til garden. Men dersom ein stelte upp alle som hadde butt og arbeidt på garden sidan garden vart rudt for fyrste gong, kunde ein koma mange hundrad år attende. Dei som stod fyrst i rekkja vilde ha vanskeleg for å forstå språket og tenkjematane til dei som stod sist. Men millom dei som stod attmed kvarandre vilde samtalen kunna glida lett. Det er eit samband og ein samanheng som knyter ættledene på ein stad saman og set dei inn i ein heilskap. Ein kann ikkje lausriva seg frå denne samanhengen. Det er forteljningi um kontinuiteten som «mumlende løber gennem tiden». Dei konkrete tingi ein hev kring seg, hev alltid ulike umstende knytte til seg. Det er dei som skapar historiske minne både for individet og for eit større kollektiv.

Når ein godtek å vera ein del av ein samanheng og ein historisk tradisjon, gjev det på same tid andsvar og avlastning. Andsvar fordi ein ikkje er eit abstrakt vesen, men knytt til dei konkrete umstendi, og avlastning fordi ein sjølv ikkje må bera all verdi på okslene. Sume freistar langt på veg å setja seg utanfor saga og gjera samtidi til alt som finst. Det er folk som i forlengjningi av slike tankar meiner at det kunde vera gunstig å utvikla ein patriotisme andsynes den demokratiske samfundsskipnaden i seg sjølv, millom anna knytt til verdiar som tolsemnd og likskap. Men slike umgrep hev ingen djupnedimensjon, og dei vil ikkje kunna gjeva nok oppslutnad, same kor

gode dei prinsipielt sèt måtte vera.

Denne tenkjemåten meiner Ehlers Dam tilsvarar det ein kann segja um ei ekstrem globalisering, der alle stader skal gjerast til éin stad, der du er alle stader på ein gong og soleis ingen stader på ein gong.

Dei som ser på globaliseringi som eit ideal og ein medviten og ynskjeleg politikk, sluttar seg til det ein kann kalla globalismen. Globalismen hev vorte knytt til anti-nasjonalisme og multikulturalisme. Umgrep som solidaritet og grenseløysa hev vorte ståande som visjonar knytte til globalismen. Globalistane hev sett fyre seg ei verd utan motsetnader og der alle verdsborgarane stend saman um dei same idealistiske måli. Visjonane åt globalistane samstavast med visjonane åt sosialistane. I dag stend dei reine liberalistane og sosialistane for svært mykje av det same. Dei deler båd den idealistiske globalismen, medan dei konservative stend fast på at det er eit samspel millom det globale og det lokale.

Multikulturalisme mot nasjonal lojalitet

Kasper Støvring gjeng i eit sterkt essay til felts mot dei han kallar «Åbenhedsprofetene» (?). Dei er menneske som hev ein moral knytt til at dei ikkje høyrer til på ein viss stad og i eit visst kulturell yverordna kulturelt hopehav. Dei meiner at dei er frigjorde frå den vonde kulturimperialismen og kultursjåvinismen. Dei ynskjer seg velsigningane åt eit abstrakt, multikulturelt samfund, eit samfund som ikkje kann eksistera i røyndomen, slær Støvring fast. Støvring strekar under at dei konservative må stå for ei folkeleg samhøyrsla der ein held fast på umisselege fellesverdjar.

Støvring viser til Edmund Bruke som alt i 1790 skreiv at «det hev vore ulukka åt denne tidsalderen at alt skal setjast under debatt, som um grunnlovi åt landet vårt snarare skulde vera noko å stridast yver enn å gledast ved.» Lojalitet og medborgarskap kann sjåast på som konservative dygder. Konservatismen ber i seg omsut for det som er historisk gjeve, t.d. nasjonen. I dag vert verdjar som medborgarskap og nasjonal lojalitet sette i miskreditt. Det er kulturellevismen som gjer seg gjeldande.

Når kulturellevismen gjeng ut mot patriotisme og ålmenn daning, nyttar dei millom anna gamle tankar frå den tyske filosofen Nietzsche. Han skreiv at «det finst ikkje sanningar, berre tolkingar». Kulturellevismen sluttar seg til dette

synet og kjempar med eldhug mot all tru på at det finst objektive sanningar og ålmenngilde verdjar. Målet for open-skapsprofetane er at ein skal yverskrida tabu og sosiale lekkjor i vår eigen kultur gjennom å studera andre kulturar og læra av deim. Ein skal løysa seg frå sitt eige kulturelle opphav og hylla eit slags dygdefullt nomadeliv som gjer det mogeleg å gå fritt omkring millom all verdsens kulturar. Tilkjennegjeving av nasjonal solidaritet vert strakst sedd på som suspekt revitalisering av ervegods frå millomkrigstidi i Tyskland.

Open-skapsprofetane er antifundamentalistar. Dei ynskjer ikkje å strida for absolutte og ufråvikelege verdjar. Det er til å skyna at ein freistar å distansera seg frå totalitære ideologiar og i staden gjeng inn for eit provisorisk kulturellevistisk standpunkt, men me kann ikkje verta so blinda av totalitære ideologiar at me ikkje torer å forsvara noko som helst fast standpunkt. Open-skapsprofetane gjeng mot deim som hegnar um sin eigen kultur og torer å melda frå positivt um egne verdjar.

Multikulturalistane er berre upptekne av abstrakte ideal for korleis samfundet vårt bør vera. Det bør vera ein open og harmonisk sameksistens millom jamstelte kulturar, segjer dei. Dei bryr seg mindre um korleis det i røyndi vert med det multikulturelle eksperimentet som ein lovar folket. Det er snarare tale um oppløysing av eit solidarisk verdehopehav med sine egne landsmenn.

Dei abstrakte ideali åt multikulturalistane vert sers konkrete i møte med andre kulturar, for framande kulturar vert nærast framstelte som objekt som kann kjøpast og seljast i form av mat, reiser og underhaldning. Det handlar ikkje um å verta dana i møtet med dei framande kulturane eller å taka vare på kulturane, men tvert imot um å bruka dei og kasta dei etter bruk. Tryggleik og stabilitet knytt til eins eigen kultur er ikkje ynskjeleg utfrå marknadslogikken.

Framande kulturar vert sedde på som ei slags underhaldning, noko ein kann ha det moro med. Støvring spør kva som er verst: xenofobi (framandfrykt) eller å lefla med framande kulturar av di dei er underhaldande når dei skil seg frå oss? Open-skapsprofetane køyrer i ring innanfor ein tryllekrins av naive idear som dei framande kulturane slær kring dei. Dei greider ikkje å skyna at folk i ikkje-vestlege kulturar vil gjera store offer for det dei hev sams i form av kultur, tradi-

sjonar, språk og historie. Folk frå ikkje-vestlege kulturar hev like fullt ei sterk kulturell tilknytning. Nokre av dei so sterk at dei vil gjera blodoffer i form av æresdråp, medan andre vil gjera sjølv-mord i daudekulten åt terrorismen.

Felleskulturen vert oppfata som undertrykkjande. Samfundet skal ikkje vera eit hopehav (fellesskap) av solidarisk forplikta borgarar, men skal i staden kløyvast upp i grupper som skal definerast ut frå etnisk identitet. Fleirtalskulturen skal ikkje blanda seg inn i mindretalskulturen, og dimed fær ein vanskar med umskjering, tvangsekteskap og «nyuppfostringssupphald» i heimlandet. Det er jo kulturen åt dei framande. Når individuelle rettar vert yverførde til gruppenivå, kann snart all slags åtferd rettferdiggerast med tilvising til toleranse. Det høyrest svært frigjerande ut, men det er berre eit nytt tyranni, der individet vert stigmatisert som medlem av ei viss gruppa.

Multikulturalistane ser ikkje ut til å skyna kor utfordra demokratiet er. Det er berande for demokratiet at heile folket godtek at det sams beste er ein hyrnestein i demokratiet. Når ein gjev upp tanken um at heile folket skal mobiliserast politisk til å engasjera seg i det som er sams normer ut frå den demokratiske verdien knytt til «anerkjendelsesmæssig lighed», so segjer ein òg på eit vis upp den sosiale kontrakten. Kulturellevismen trur vel på at dei demokratiske verdiane er garanterte utan omsyn til tilfellelege individs argument og forsvar. Men då gjer dei seg skuldige i historisk gløymsla. Demokratiet og demokratiske verdjar er ikkje opplagde. Dei må forsvarast gjennom folkeleg samhøyrsla og sosialt hopehav med andsvar og normer, der ein må halda fast på gamle dygder som mod og fastleik for å halda på sine egne verdjar.

Korleis ser so Støvring på vårt møte med andre kulturar? Han meiner at me må oppnå kunnskarar um andre kulturar for å vinna ålmenne innsikter um naturen, det vil segja um det historisk og kulturelt sjølvstendige. Denne kunnskapen kann brukast til å skapa det gode liv. Til eit godt liv høyrer, um ein fylgjer Edmund Burke, ei konservativ forståing for lojalitet andsynes vår eigen kultur.

Me hev no sett døme på korleis dei konservative skribentane kjem i konflikt med det som ein noko einfelt kann umtala som ei politisk vanetenkjing millom politiske motstandarar. Men kva vert fylgja av denne konflikten?

«Det skulde jo nødtig hedde sig»-haldningi

Eit umgrep som gjerne vert knytt til den rådande sosialdemokratiske og sosialistiske politikken, er umgrepet «politisk korrekt». I Noreg opplever ein til liks med i andre land at det vert tala um det sokalla politisk korrekte. Umgrepet politisk korrekt kann generelt knytast til makthavarane og treng ikkje å vera ein-sidig negativt, men det hev heilt upplagt verka sterkt styrande for kva det kann førast ordskifte um, og korleis ordskifti vert førde. Dette er utgangspunktet for eit essay av Katrine Winkel Holm.

Katrine Winkel Holm meiner at um ein vil vera verdikonservativ i eit land som Danmark, må ein vera ukonvensjonell. Det krev noko so elementært som mod og at ein er medviten um kva det tyder å vera konservativ. Skal ein vinna fram med konservatismen, må ein fara provokatorisk og offensivt fram. Winkel Holm tek ei oppgjerd med dei som meiner at det viktige er korleis ting synest og ikkje korleis dei er. Ho talar um ei «det skulde jo nødtig hedde sig»-haldning. Dei som ikkje torer å brjota med den gode tonen, og ikkje torer å taka ei oppgjerd dersom det er naudsynt, hev ikkje sivilt mod. Den sanne konservatismen må vera ukonvensjonell.

«Det skulde jo nødtig hedde sig»-haldningi kjem til uttrykk på fleire måtar i politikken i Danmark. Til dømes vilde ikkje konservative kutta i den offentlege sektoren då Mogens Glistrup gjorde framlegg um det. Han var for ekstrem til at ein kunde gjera noko som han hadde gjort framlegg um, same kor samd ein elles kunde vera. I innvandringsdebatten hev kritikarane vorte sette til side. Høgskulerørsla hev vorte rædd for å bruka Grundtvigs songar og idégrunnlag til å underbyggja arbeidet sitt, for Dansk folkeparti hev vist til Grundtvig.

Dersom ein ikkje hev mod til å vera ukonvensjonell, vil ein verta defensiv, og ein gjer seg til slave av det som til kvar tid er god tone. I og med at sosialistane og sosialdemokratiet hev stade sterkt, vil dei då få høve til å leggja premissane for kva som skal vera politisk mogleg. Um ein ikkje vågar å vera ukonvensjonell, yvertrek ein det sosialdemokratiske tankegodset, og det vert uråd å få realisert ein konservativ politikk, for når ein ikkje kann uttrykkja politikken klårt, kann ein heller ikkje få gjennomført han.

Kva er so konservativ politikk? Winkel Holm meiner at konservatismen

er antiutopisk. Ho viser til grunnleggjaren av konservatismen, Edmund Burke. Han var klår yver kor fårleg ein revolusjon som bygde på ei rein spekulativ tenkjing, var. Den spekulative tenkjingi hev ein idé um røyndomen. Kva skal ein so gjera når det vert ei kluff millom idé og røyndom? Når det viser seg at menneskja ikkje er so vitug som rasjonalismen vil ha det til? Dei utopiske ideologiane vil alltid byggja på ei viss lyst til å brigda på menneski. Fjerne gamle, reaksjonære menneske so nye skal få koma til. Konservatismen innser at menneskja er ufullkomi og full av mistak. Konservatismen er soleis i sin natur tilpassingsfær.

I dag er det fåe som vil kalla seg kulturradikale. Ordet hev fenge ein odiøs klang. Difor kallar Winkel Holm det for ein «ned med oss-mentalitet». Det hev vorte god kutyme automatisk å gå inn for alt som er antivistleg, ikkje-dansk og ikkje-tradisjonelt. «Ned med oss-mentaliteten» dekonstruerar alle dei gyldne ordi som er knytte til tradisjonen. Ein vil avsløra deim som ideologiske konstruksjonar som skal fremja undertrykkjande fyremål. Nasjonal identitet vert sét på som ei sein oppfinning, difor kann han avskaffast. Multikulturalismen vert opphøgd til gjeldande norm, for kvifor skal vår kultur vera betre enn andre? Det finst motepedagogar i Danmark som meiner at det er yvergrep mot innvandarborn å innvigia dei i den kulturen, historia og religionen som hev vore avgjerande for at Danmark er som det er i dag.

Winkel Holm meiner det er tri område der ein konservativ politikk må markera seg: For det fyrste må myndigskapsumgrepet rehabiliterast. For det andre må skulen forsvarast som

kunnskaps- og kulturformidlar. Og for det tredje må nasjonalstaten forsvarast og antidiskrimineringsideologien utfordrast.

Uppsummering

Det er mange fellestrekk millom Noreg og Danmark. Me merkar mykje av det same her i landet som i Danmark. Ordskiftet kring valet i USA er illustrerande i so måte. Ein kann vera open for det meste av det som skjer kringom i verdi, men dersom det er noko som utfordrar det politiske tankehegemoniet og verdiane til vinstresida medrekna sosialdemokratane, so vert det strakst gjort kraftig motstand. Me kjenner òg godt att reaksjonane Dagbladet hev møtt Dagfinn Høybråten med. Dei minner um reaksjonane mot den danske kulturministeren. I realiteten er det fåe eller ingen som forsvarar ein verdikonservativ ideologi i den norske pressa i dag.

Vinstresida i Noreg hev ein tendens til å setja fram utviklingi som lineær. Når dei vinn politiske sigrar, so er det gamaldags i det heile å reisa gamle debattar på ny. Det er difor interessant å sjå at det finst politiske krefter i det liberale Danmark som no vender um og meiner at framgangen for den sosialdemokratiske og sosialistiske politikken hev gjenge for langt.

Det er likevel ikkje slik at dei konservative i Danmark hev vunne nokon stor og endeleg siger. Dei er i regjering saman med dei liberale, og det er langt frå upplagt at dei vil vinna neste val. Men det er mange konservative som er godt skriveføre og som ikkje er rædde for å ytra seg. Det lovar godt for den politiske utviklingi i Danmark.

Høgnorskportalen sambandet.no
Eit aktivt høgnorskt ressurscenter med nyhende, kommentarar, målpolitikk og ordskifte

Tri godbitar for bibelinteresserte

Av Tore Lund

Bibelselskapets store bibelatlas

Illustrasjonar: Brian Delf

Tekst: Stephen Motyer

Umsetjing frå engelsk: Torbjørn Vike

Det Norske Bibelselskap 2004. 48 sidor

Tittelen «bibelatlas» på denne store praktboki er noko misvisande. «*Bilæt-atlas*» vilde ha vore meir klårgjerande. Med ordet *atlas* tenkjer me helst på ei bok som inneheld kart, men slikt er det ikkje so mykje av her. Derimot er her ei mengd fargerike teikningar og nokre få fotografi, som til saman gjev eit interessant yversyn og ei greid innføring i bibelsoga, frå Abraham og fram til Paulus og misjonsreisene hans.

Nokre vil kann henda sjå det som ei veikside at boki ikkje tek upp dei historiske og vitskaplege spursmåli som reiser seg i samband med dei mange underfulle forteljingane i Bibelen. Men denne boki er ikkje meint som ei vitskapleg avhandling, ho er berre ei fargerik attforteljing av bibelsoga i ord og bilæte. Og resultatet er vorte ei retteleg fin gåvebok.

* * *

Det gamle testamentes apokryfiske bøker
4. opplag

Det Norske Bibelselskap 2004. 629 sidor

Det greske ordet *apokryf* tyder eigenleg 'løynd'. Det vert nytta um ein del skrifter som ikkje er komne med i vår bibelutgåva. Då dei heilage skriftene vart samla, vart dei ikkje tekne med fordi ein ikkje såg på deim som so verdefulle at dei kunde reknast som heilage i full meining. Mest kjende er apokryfane i Det gamle testamentet. Um desse segjer Luther: «Det er bøker som ikkje er akta like med dei heilage skriftene, men som likevel er nyttige og gode å lesa.» Difor vert av og til nokre av deim tekne med som tillegg i vanlege bibelutgåvor. Eller dei vert gjevne ut som eigne bøker, slik som her.

Mest interessante sèt frå ein historisk synsstad er vel dei tvo Makkabearbøkene. Der les me um jødane sin oppstand mot syrarane i 167 f.kr., noko som førde til at jødane fekk ein periode med sjølvstende inntil romarane kom og her-tok landet deira i år 63 f.kr.

Kann henda hev ein og annan merkt seg eit målarstykkje i Nasjonalgalleriet som heiter «Judit og Holofernes»: Me ser her ei kvinna som stend og held eit fat med eit avskore mannshovud oppå. Kva er vel dette for noko? Forklaringi finn me i Judits bok, som fortel um korleis den kloke jødinna Judit med kvinnelist greidde å lokka til seg herføraren Holofernes. Ho skjenkte honom so mykje vin at han sovna utstrekkt på sengi si. So gjekk Judit burt til sengi, tok tak i håret hans og sa: «Herre, Israels Gud, gjev meg styrke!». Deretter hogg ho hovudet av honom. Og soleis gav Herren israelittane siger yver fiendane sine.

Ei onnor soga er um den fagre Susanna i Babylon og dei tvo gamlingane somkika på henne medan ho bada og so freista å forføra henne! Ja, dette kunde ha gjenge retteleg gale, hadde det ikkje vore for den kloke Daniel. Og dette kann du lesa um i eit tillegg til Daniels bok.

So kann ein berre undrast um det var bra eller ikkje bra av kyrkja å utelata desse skriftene frå den autoriserte kánon-samlingi?

* * *

Jakobsevangeliet.

Jesu barndom og ungdom

Umsett av Anna Barbara Gamborg

Solum forlag 2004. 400 sidor

Både Matteus og Lukas fortel um mange hendingar i samband med Jesu fødsel. Me les um gjætarane på Betlehems-markene, um astrologane frå Austerland, um barnedråpi i Betlehem, og det heile vert avslutta med flukti til Egypt og attendekoma til Nasaret. So høyrer me ikkje meir um Jesus fyrr han er tolvåring og dukkar upp i tempelet i Jerusalem, der foreldri finn honom i ivrig samrøda med dei skriftlærde. Og Lukas endar med at «Jesus gjekk fram i visdom og vokster og velvilje hjå Gud og menneske» (Luk 2,52).

Men kva hende med Jesus i dei åri som låg imillom tilburden i tempelet og då han var tretti år og vart døypt av Johannes døyparen og byrja den offentlege verksemd si? Ja, det kann me spekulera mykje på, men svaret finn me i dei sokalla barndomsevangelii, der det mest kjende vert kalla Jakobsevangeliet,

fordi fofattaren skal vera Jesu bror Jakob. Men det høver dåleg, for den same Jakob vart avretta i år 62, medan Jakobsevangeliet ikkje kann vera skrivne fyrr år 150.

Den hebraiske originalteksti hev gjenge tapt, men evangeliet må ha vore sers umtykt, for det ligg fyre i umsetjingar til græsk, latin og syrisk, dessutan ligg det fyre på koptisk, armensk, georgisk, arabisk og etiopisk. Desse umsetjingane vik til dels munaleg av frå kvarandre, men jamfører me deim, so synest det upphavlege Jakobsevangeliet å ha vore ei skrift med um lag tjuge kapitel.

Eg vart difor sers ovandotten då eg fekk denne norske umsetjingi av Jakobsevangeliet i hende – eit umfangsrikt opus med heile 330 kapitel! Korleis kunde det hanga saman? Svaret fekk eg i fyreordet åt boki, som fortel at Jesus i året 1843 openberra seg for namnebror åt Jakob, den tyske sjåaren Jakob Lorber, og dikterte heile det upphavlege Jakobsevangeliet for han. Høyr berre kva Jesus segjer til Jakob Lorber:

«Jakob, en sønn av Josef, har opptegnet alt dette; men det er med tiden blitt så forvansket at det ikke kunne tillates å bli tatt opp i Skriften som autentisk. Men Jeg vil gi deg det ekte Jakobsevangeliet.» Det er alto Jesus som skal vera forfattar av denne boki. Men endå det ikkje stend noko forfattarnamn på titelbladet, so hev eg ein mistanke um at der burde namnet Jakob Lorber ha stade!

Det fyrste kapitlet vart diktert 22. juli 1843, og so er det gjeve upp datoar for kvart avsnitt utetter heilt til det siste kapitlet, som er dagsett 9. september 1844. Jesus dikterte – sjølv sagt – på tysk, og fyrst no, 160 år seinare, ligg alto ordi hans fyre i norsk umsetjing.

Boki byrjar med dei kjende hendingane kring Jesu fødsel, men med mange nye opplysningar og detaljar som er ukjende i Det nye testamentet. Dinæst fylgjer ein gjennomgang av livssoga åt Jesus heilt fram til tempelvitjingi som tolvåring. Me høyrer at når Jesus leika med dei andre borni, fann han på mykje morosamt. Noko av dette kjenner me frå andre barndomsevangelium, som til dømes at borni laga småfuglar av leira, og so gjorde guten Jesus deim levande slik at dei flaug sin veg. Og fleire gonger vakte han daude leikekameratar til liv att.

Til næste sida...

Frå fyrre sida...

Men han kunde elles vera både leid og ertesjuk.

I skulen var han ein problematisk elev. Ein gong dunka læraren honom i hovudet med peikestokken, men då vart Jesus rasande og ropte: «Sanneleg, eg er ikkje hjå

deg for å få bank, og dette er ikkje måten å læra og dana menneske på! Men du skal verta stum og galen fordi du slo meg, i staden for å gjeva meg ei rett forklåring!» Og læraren sokk saman på staden - og vart som galen, bunden og boren ut av romet.

Det er i det heile ein nokso sjølvmed-

viten og yverlegen gutunge me møter. Den tonen han sume gonger legg upp til andsynes foreldri sine, hadde nok fenge jamvel dagsens liberale foreldre til å reagera. Men so var han òg Guds son! Og me treng jo ikkje tru på alt det «Jesus», alias Jakob Lorber, fortel i denne boki.

Ei handverksbok i skrivekunst

Av Lars Bjarne Marøy

Aage Rognsaa

Kunsten å skrive godt,

2. utgave

Univeritetsforlaget 2004,

237 sidor

Aage Rognsaa hev skrive ei bok som eg hev vore på jakt etter lenge. Når ein er norsklærer må ein stødt vurderer kva som gjer tekster gode og kva som gjer tekster dårlege. For røynde lesarar er det nokso lett å plassera ei tekst i den eine eller andre kategorien. Men korleis kann ein få unge menneske til å læra å skriva godt. Det fyrste ein må ha for handi er gode modellar og disponeringsframlegg, men modellane fungerer ikkje alltid, og det er ikkje nok med berre ein modell.

Dessutan er det ikkje nok berre med modellar. Elevane kann kopiera oppsettet i modellane, men det er meir i ei tekst som skal fungera godt. Det skal vera meningsfulle og fullstendige setningar i teksti, flyt millom setningane, avsnitti skal byggjast upp med tanke på heilskapen i teksti og dei skal hanga saman.

I utgangspunktet kann ein meina at det er etter måten fåe område ein skal vera god på for at ei tekst skal fungera. Er det ikkje berre å skriva i veg, vil kanskje sume segja, men kva so når ei tekst vert dårleg og alle kann sjå det. Då kjem dei som vel den stutte vegen til kort. Då må ein godtaka at tekster ikkje skriv seg sjølv og at det faktisk krevst mykje arbeid um ein skal lukkast.

Skal ein so gjeva råd um å forbetra tekster oppdagar ein fort at råd og vink må vera velkvalifiserte og rett på sak. Dei fleste av oss er vanemenneske, og det me ikkje skynar hev me ein tendens til å skyva frå oss. Er eit råd litt upresesist er det ein fære for at ei heil tekst vert øydelagt av mis-skyningi.

Det finst nok av bøker som nyttar flotte framandord og fortel um korleis tekster er uppbygde og heng saman, men dei vert vanskelege når ein skal nå fram til ungdommar og folk utan serlege interessor for avansert sakprosa. Jamvel lærebøkene i norsk er prega av forvanskande element.

Lærebøkene greider å få fram kva lærarane ser etter og kva elevane bør jobba med, men dei greider sjeldan å slå fast handfaste skrivereglar som elevane og andre skribentar kann ha for handi når dei vil skriva betre. Å kunna leggja fram handfaste skriversråd eller sjangerkrav som kann vera retningsgjevande for unge skribentar gjer jobben lettare for både elevar og lærarar. Reglane må vera slik at elevane kann studera dei fyre dei skal skriva ein stil og oppdaga at dei ikkje hev fylgt dei etter at dei hev skrive ein stil, iallfall etter at læraren hev lese og kommentera stilen deira.

Aage Rognsaa hev nett den filosofien som trngst for å kunna skriva ei god bok med klære og lettfattelege skrivereglar. Rognsaas filosofi er at "alt som kann segjast kann segjast klart". Dette er naturlegvis ei provoserande utsegn serleg for byråkratar som er ei av hovudmålgruppone for Rognsaa. Men Rognsaa greider gong på gong gjennom boki å visa korleis tekster som er fylte med klisjear og inkjesegjande språk kann få mål og meining og verta klårare og meir poengtert. Um ein må nytta meir plass og språket ikkje verkar like elegant og påpynta med ordstas, spelar det ikkje nokor rolla. Rognsaa lærer oss estetikken i klårleiken. Når ordi når fram til lesaren utan bakgrunnsstøy i ein tydeleg og poengtert stil, då skriv ein godt.

Boki til Rognsaa er tenkt å vera ei handbok. Rognsaa prøver å sjå på skrivingi som ein samanhengande prosess på same tid som at han meiner at ei handbok er ei bok som ein ikkje skal trenga å lesa frå perm til perm. Boki er lettles, men ho er like fullt både solid og fagleg fundert. Det gjer at alle som driv med skriveupplæring kann venda attende til henne med godt utbyte. Og dei som vil læra å skriva godt finn og uvurderleg hjelp her.

I innleiing syner Rognsaa til den kjende avismannen Joseph Pulitzer som kom med fire råd til bladmennene sine:

Skriv so stutt at dei vil lesa det

so klårt at dei skynar det

so målande at dei hugsar det, og

so noggrant at det gjev deim opplysning og rettleiding

Desse rådii stend som ein solid inngang til boki.

Arbeidet med skiving kann delast inn i tri fasar. Den fyrste fasen gjeng fyre seg fyre ein set til å skriva, den andre er sjølv skrivefasen og den tredje er redigeringsfasen. Rognsaa peikar på gode råd undervegs når han tek fyre seg desse fasane og oppsummerar med å sitera forfattaren Kjersti Scheen som snakkar um det språklege syrebadet. Syrebadet er knytt til redigeringi av teksti då skal ein fjerna støy i form av feil, bruka stavekontrollen med vit, finna ein kritisk hjelpar og sjå på kritikk som ei hjelp til å verta betre. Dersom ein ikkje taklar denne fasen er ein truleg ueigna som skribent.

Rognsaa ser fyre seg tri hovudmodellar når ein skriv tekster. Den fyrste modellen er den klassiske. Denne modellen er den som me kjenner att frå skulestilane med innleiing, midtdel/hovuddel og avslutning. Det kann leggjast til eller trekkjast frå element, men hovudleddi vert dei same. Den vert av sume umtale som "fisk- modellen"

Den andre modellen han skisserar er den journalistiske. Denne modellen opererar etter prinsippet um fallande viktugskap. Det viktige kjem fyrst deretter kjem det mindre viktige og til slutt det som ev. kann kuttast burt. Denne modellen vert knytt til uttrykk som den umvende pyramiden og nyhendetrekanten. Det ein ikkje fær med er det berre å skjera burt.

Den dramatiske modellen er knytt til same modell som eventyri. Ein tek til med å introdusera ein konflikt, so kjem arbeidet med å prøva å løysa konflikten og til slutt kjem ein til klimaks når konflikten vert løyst. Rognsaa viser på ein instruktiv måte korleis ein kann nytta prinsipp frå dei ulike modellane i praktisk språkbruk. Skal ein byråkrat senda eit brev til ein person, er det gagnleg å koma med konklusjonen fyrst. Den som fær avslag på eit brev med eit krav, er framfor alt interessert i å vita um svaret vart ja eller nei. Då ventar ikkje brevskrivaren med å skriva det til langt ut i

brevet. Prinsippet um fallande viktugskap er sentralt og den journalistiske modellen eignar seg godt.

Avsnitti vert grundigt fyrehavde av Rognsaa. Grunnregelen min som eg innprentar elevane mine er at kvar gong ein startar eit avsnitt skal ein vita kva ein vil med det. Det løner seg difor å innleida avsnittet med å nemna hovudmomentet i det fyrste avsnittet. På den måten vert det lett for lesaren å sjå fort gjennom teksti etter at han hev lese henne.

Rognsaa slær fast at kjenneteiknet på eit godt avsnitt er at det hev berre eitt poeng, at det hev ei klår oppbygging og ein god samanheng. Rognsaa lanserar fleire råd um avsnittsdeling. Eit avsnitt bør lagast når ein skal markera eit nytt delemne i framstillingi. Ein bør sjekka at eit avsnitt berre hev eit hovudpoeng. Det er naturleg å gjeva eit avsnitt ein 1-2-3-struktur: Byrjing, midtdel og avslutning. Avsnittet bør innehalda ei lykjelsetning so tidleg i avsnittet som mogleg.

Han meiner òg at det finst visse prinsipp for avsnittsorganisering. Eit avsnitt kann anten gå frå det generelle mot det spesielle eller motsett frå det spesielle til det generelle. Det kann fungera etter prinsippet um fallande viktugskap, den journalistiske modellen. Eller umvendt argumenterande frå det lite viktige til det mest viktige. Eit avsnitt kann byggjast upp logisk med spørsmål og svar eller med utgangspunkt i årsak og verknad. Ein kann nytta samanlikningar og kontrastar eller kronologi. Her gjev Rognsaa den medvitne skribenten eit framifrå høve til å redigera eigne tekster og granska avsnitti og samanhengen i teksti. Med medviten gjennomgang av tekster og underordning etter ulike prinsipp for avsnittsinndeling, kann ein truleg forbetra dei fleste tekster sers mykje. Tekstene vert meir poengterte, tydelegare og lesarane vil vel heller lesa tekster som det er greidt å finna fram i enn tunge og uframkomelege tekster.

Rognsaa meiner at ordvalet er det siste ein ser på når ein skal redigera ei tekst. Ordi er det viktigaste i ei tekst. Ord kann tilsløra og avsløra. Nokre ord fær ting til å ljøsna andre til å myrkna. Ord kann fengja lesaren eller få lesaren til å mista interessa for teksti. Rognsaa gieng til åtak mot substantivviruset på same måte som dei som skal skriva god nynorsk vert åtvare mot substantivsykja. Han meiner at setningane kann verta betre um ein sume gonger sløyfer ord som sluttar på -ing/ning, -else og -sjon. Han meiner det løner seg å nytta verbet og setja inn ev. manglande subjekt for å gjera setningane meir aktive.

Rognsaa åtvarar mot å nytta tome ord som "på det noverande tidspunkt", " på grunn av at" , "i den næraste framtid" og liknande. I staden for kann ein skriva no, fordi, snart eller nytta andre korte ord.

Rognsaa hev mange meiningar når det gjeld ord, og det er nok her eg vert mest usamd og i stuss på um han alltid hev like godt grunnlag fyre seg. Er det til dømes meir gamaldags å skriva heimehjelpstilbod enn tilbod um heimehjelp? Kortare ord skal vera lettare å lesa enn lange og meir daglegdage hevdar Rognsaa. Eg er ikkje alltid like viss på det. Eg tykkjer til dømes næringsmiddelkontroll glid betre enn kontroll av næringsmiddel. Eg er heller ikkje viss på um det tener til noko å stempla riksmålsord som gamaldage og meir nøytrale ord som vanlege ord. Når han vil kutta fyrestavingar på for- og bi- er eg derimot samd. Eg kann òg vera samd i at ein del ord er meir nøytrale og folkelege og at dei difor kann eigna seg bra i ein smidig skrivesituasjon.

Eg er naturlegvis samd i at ein ikkje skal bruka engelske lånord anna når ein er plent nøydd. Eg tykkjer likevel at Rognsaa vert noko bastant i avvisingi av framandord. Rett nok segjer han at ei løysing kann vera å nytta ordi slik at lesaren skynar tydingi. Det er eit godt prinsipp og gode stilistar hev gjort ei sers viktig gjerning her, millom anna med å føra inn gode nynorske ord og uttrykk gjennom gode stilistiske fyredøme.

Ein kollega av meg sa det slik: "Mange er avvisande til å nytta forskjellige typar ord og serleg framandord. Dei meiner at det gjer det vanskeleg å lesa. Dei se r nærast på ordi som fiendar Men det er då ikkje noko i vegen med ordi. Mange ord kann tvert um verta gode vener av oss, dersom me tek oss bryet med å læra å nytta deim." Det perspektivet burde òg ha kome med i boki. Men Rognsaa ynskjer kann henda å distansera seg sterkast råd frå byråkratispråket og arbeida for ein "språkleg revolusjon" i dette språket, og det kann nok gjera at han vert noko einsynt her.

Det verkar på sin plass å lasta bruken av genitivsuttrykk som lett gjev språket eit unorsk preg. Verst er det naturlegvis i nynorsken. Å nytta genitivsuttrykk som "utdanningas lengde" og "språkets struktur" er reint hervek i nynorsken. Me hev umskrivingsreglar med preposisjonsuttrykk, umskrivning med setning eller med samansette ord. Det burde ikkje vera noko problem for nynorskskrivande å greida å skriva um ev. genitivsuttrykk dei måtte hengja seg upp i. Noko anna er at det vert ei

personleg viljesak i mange tilfelle.

Alt i fyrsteklasse på vidaregåande vert mange elevar introduserte for ord med konnotasjonar eller assosiasjonar. Mange ord vil endra valør etter samtale- eller skrivegenre. Pornoblad eller mannfolkblad, matpakkekøyring eller arbeidsreis, fange eller innsett, takstauke eller takstjustering er nokre døme på ord som kann gjeva vidt forskjellige konnotasjonar, men som i realiteten viser til det same. Ein god skribent veit når han kann nytta lada uttrykk og når det er lurast å nytta nøytrale som regel er det det siste som hev mest fyre seg. Når det gjeld kjønnsespesifikke nemningar kann det vera vel og bra å finna nøytrale nemningar, men det er vel uråd å rydja ut hankjønnet og hankjønnsnemningar, serleg sidan dei er mest einerådande i skriftleg bokmål. I mange tilfelle vil hankjønnsnemningane vera dei einaste naturlege når ein ser på det historiske opphavet. For 100 år sidan fanst det knappast serleg mange kvinnelege skipsarbeidarar, men dekksgutar var det nok nøgdi av.

Ei onnor sak er referansar til noko andre hev sagt. Her hev Rognsaa lista upp fleire interessante ordval:

Positiv/nøytralt lada	Negativt lada
Segjer	Hevdar
Upplyser	Påstår
Fastslær	Insisterar
Konstaterar	Held fast på
Stadfester	Skryt
Informerar	Argumenterar
Uttalar	Avviser
Påpeikar	Varslar

Berre med slike referanseuttrykk kann ein skribent fort fargeleggja ei tekst og gjeva inntrykk av sympatiar og antipatiar.

Boki til Rognsaa fyller eit viktig tomrom for alle som arbeider med norskfaget. Trass i at han ikkje kjem med so mange nye poeng, er han strukturert og maktar å gå rett på sak. Han hev evna til å koma med kortfatta reglar som er matnyttige på mange ulike nivå og for fleire yrkes- og faggrupper. Rognsaa gjev meg som norsklærer eit viktig arbeidsverkyt i form av handfaste råd som eg kann formidla vidare til elevane mine. Det som elles ikkje vert uttrykt heilt presist vert so tydeleg hjå Rognsaa at ein fær lyst til å arbeida vidare med dei tekstene ein skriv. Men enno er det nok meir å jobba med for å få til å skriva gode tekster. Det språklege er ei sak, men innhaldssida og disponeringssida vert ikkje so grundig framstelt i boki. Men her er heller ikkje holet so stort. Ulike genretypar og skrivestilar kann ein finna fram til i andre bøker.

Vinstreekstremistane

Av Erez Uriely

Dei vinstreekstre "menneskeretts- og fredsforkjemparane" kørde ein aggressiv "antikrigskampanje" då USA og Vesten skulde avvæpna Irak. For lenge sidan hev dei gjeve studnad til terroristane som kjempar mot dei amerikanske styrkane og det lovlege styret i Irak.

I dag er det ei vanleg oppfatning mellom dei at krigen mot Irak førde til meir terrorisme og ikkje mindre, men dei kørde ikkje nokon kampanje mot Irak då regimet der massakrerte tusundtals kurdarar og irakarar, bomba sivile byar i Israel og førde krig mot Iran, ein krig som kosta um lag ein million liv.

Me høyrer lite um det som faktisk hev vore av positive ringverknader kring USAs krig mot terrorismen. Til dømes hev eit av verdsens verste terrorregime, Taliban i Afghanistan, vorte nedkjempa. Det hev ført med seg at det hev vorte halde frie val i Afghanistan og landet hev fenge ei demokratisk regjering. Iran hev vorte ivrige etter å attendevisa at det gjeng fyre seg kjernevåpenproduksjon i landet. Ein million fridomselskende menneske hev vore engasjerte i demonstrasjonar i Libanon. Syria hev vorte tvinga til å draga okkupasjonsstyrkane sine ut or Libanon. Demokratiet hev sigrå i Georgia og i Ukraina.

Dei politisk korrekte vinstreekstre kreftene verkar einsrettande og inkonsekvante i framstillingi av USA, Israel, Europa og Midtausten. Som me skal sjå er dei faktisk einsrettande og inkonsekvante heile vegen:

Um våpen og krig

Dei skuldar USA for å vilja ganga til krig mot Irak for skuld olja, men tegjer um at europearane hev den same interessa.

Dei kjempar mot bygging av atomkraftverk for sivile fyremål i Vesten, men ikkje mot produksjon av atombombor i diktaturstatar.

Dei demonstrerar mot ballistiske rakettar i vestlege land, men ikkje når Nord-Korea sel deim åt Iran og arabarlandi.

Dei vil ha fred for Europa, men spyrr ikkje kvifor muslimske land treng rakettar med 4-6.000 km rekkjevidd.

Dei styd "antikrigspolitikken" åt Frankrike, som meir enn andre land hev medverka til det irakiske kjernevåpen-



programmet.

Dei styd den tyske "antikrigspolitikken", men ser burt frå at Tyskland hev tent gode pengar som leverandør av um lag 70 % av massedrapsvåpni åt arabarlandi.

Dei hev helder ikkje kørtd nokon kampanje mot den massakren på jødar som vart fyrebudd i Irak.

Dei klagar på USA sitt våpensal til Midtausten, men ikkje på Frankrike sitt, eller det til det kommunistiske Nord-Korea og Kina, som i dag er dei viktugaste leverandørane av ballistiske rakettar til arabarlandi.

Dei fordømer terrorisme, men tegjer um Al-Qaeda og styd PLO som faktisk er verdsens fremste terroristorganisasjon.

Dei er forferda yver at sivilkledder terroristar vert drepne av israelske soldatar, men ikkje når offeri er våpenause sivile jødar.

Dei talar um fred, men styd krigsherarer og diktaturregime.

Um mat og medisin

Dei bryr seg um svolt i Afghanistan, Nord-Korea og Irak, men einast når USA er innblanda.

Dei vil at dei som sveltd skal få mat, men dersom maten kjem frå USA - fær folk helder svelta.

Dei vil at Vesten skal finansiera Palestina-arabarane og kjøpa mat åt irakiske born, men krev ikkje at dei oljerike arabarleidarane skal bidra med noko for å stydja sitt eige folk.

Dei spyrr ikkje kvifor nord-koreanske pengar ikkje vert nytta til mat, men til produksjon av våpen og atombombor.

Dei hævdar at den vestlege boikotten av handel med Irak var årsak til fattigdom og skort på medisinar, men såg burt frå at pengene som Irak fekk i "Olje-for-medisin-programmet" vart kynisk nytta av Saddam-regimet til krigsupprusting.

Um menneskerettar

Dei hev kjempa mot vilkårlege arrestar i Vesten, men studd upp um Stalins Gulag, der millionar vart sende utan lov og dom.

Dei klagar yver at arabiske born døyr i Gaza, men spyrr ikkje kvifor dei vert sende til fronten, ofte som skjold for terroristar.

Dei talar um menneskerettar, men styd i praksis undertrykkjing.

Dei bryr seg um menneskerettar, men berre når dei kann retta skuldingar mot etablerte demokrati.

Dei er upptekne av kvinnerettane i Vesten, men ikkje i arabarverdi.

Dei styd retten til å fylka seg i fagforeiningar, men ikkje i arabiske land.

Dei er i mot religiøs undertrykkjing, men berre i samanheng med kristendom og jødedom.

Dei finn åt Israel som hev skadd nokre ambulansar, men styd PLO som nyttar ambulansane til å frakta våpen og terroristar - for å drepa jødar.

Dei bryr seg um arabarane - so lenge Israel eller USA er involverte.

Um demokrati

Dei hævdar at dei forsvarar demokratiet, men styd terroristar ved å formidla bodskapen deira og gjeva deim moralsk studnad.

Dei kjempar mot nazismen i Europa, men ikkje i arabarlandi, der han er mest utbreidd og fårlegast.

Dei skuldar Israel for imperialisme, men styd dei arabiske kravi um okkupasjon av heile Midt-Austen, inkludert Israel.

Dei krev at ord som vert rette mot deim skal fylgja folkeskikk og vera moderate, medan dei sjølve nyttar sers grove ord mot motstandarane sine.

Dei nyttar "publikum sin rett til å få vita", men berre når det tener deim sjølve.

Dei hævdar at dei styd demokratiet, men der dei styrer er demokratiet det fyrste som gjeng tapt.

Dei er i mot yvervaking, men der dei sjølve styrer vert alle yvervaka, ikkje minst demokratane.

Dei syner høg grad av toleranse, men berre andsynes dei som er samde med deim. Der dei hev makti vert politiske motstandarar fengsla og avretta.

Dei reknar seg som "liberale", men toler ingen andre meiningar enn sine egne.

Dei vil representera demokratiet, men det ideologiske målet deira er "partidiktaturet".

Um rasisme

Dei kjempar mot vestleg rasisme, men ikkje mot Saudi-Arabia, som berre gjev muslimar tilgjenge til Mekka.

Dei er imot jødehat, men nektar å verja den jødiske staten mot arabisk jødehat, som er det fårlegaste.

Dei er imot etnisk reinsing, men krev "evakuering" av jødar frå Jødeland.

Dei er imot nazisme i Europa, men tegjer um Arafat som prenta upp att "Mein Kampf" i Ramallah.

Dei kjempar mot "Holocaust-fornektning", men nektar for den arabiske planen um å utsletta Israel.

Dei er imot rasisme, men berre so lenge dei som vert skulda for å vera rasishtar er høgorienterte, kapitalistar eller jødar.

Um økonomi og ideologi

Dei er imot korrupsjon, men yverfører ofte offentlege midlar (kapital) på same måte seg i millom.

Dei segjer at dei styd fredelege regime, men dei finansierar diktatur (med offentlege midlar).

Dei er imot imperialisme, men studde utbreidingi av kommunismen yver heile verdi. Dei er imot kolonialisme, men med undantak for Sovjet og Kina.

Dei er imot fundamentalisme, men avvik lite fra læra åt Marx, Lenin eller Mao.

Dei er imot kapitalisme, men ikkje imot arabiske oljesjeikar og kommunistiske leidarar som snyltar på "proletarane" sine og samlar fantastiske formuer.

Dei brydde seg ikkje um rikdomen kring Saddam Hussein i Irak, men held USA andsvarleg for fattigdomen millom folket der.

Dei gjev jødane skuldi for fattigdomen millom arabarane i Gaza, men tegjer um dei mangesifra milliardane PLO og Arafat hev ståande på konti i

vestlege bankar.

Dei krev at Israel skal skipa ein separat og sjølvstendig "palestinsk stat", samstundes som dei krev at Israel skal opna grensone for å skaffa arbeidsplassar åt arabarane, same kor mange jødar som vert drepne av arabisk terrorisme.

Dei kravde at Noreg skulde stydja Irak økonomisk, men spurde ikkje kvifor oljerikdomen i Irak gjekk til Saddam Hussein sin personlege korrupsjon og våpensamlingi hans.

Dei hævdar å vera "human-etiske", men handlar inhumant og uetisk.

Dei vil representera dei veike i samfundet, men gløymer deim ofte når dei kjem til makti.

Dei vil gjera livet betre for arbeidarane, men veikjer økonomien som skal finansiera sosiale tenestor.

Um folkemord

Dei stemplar politiske motstandarar som "radikale", "fascistar" og "ekstremistar", medan dei sjølve hev stade som stydjespelarar for dei blodigaste regimi som hev vore i moderne tid. I fredens namn hev dei studt tyrannar som stod attum folkemord i Russland og Kambodsja og som i dag slettar ut dei siste minoritetane i Midtausten.

Dei hevdar å vera ideologar og sjølvstendige, men ofte finn ein ut at dei hev havt tilknytning til det "liberale" styret i Beijing eller den "tolerante" leidarskapen i Tirana.

Dei er svært upptekne av nokre folkemord som hev skjedd i fortidi, men bryr seg ikkje um andre og større folkemord som vert utførde i regi av diktatorar - ofte dei same som tidlegare vart møtte med ovundring og raud laupar av vestlege politkarar og fredsforkjemparar.

Dei vil ha eit "fleirkulturelt samfund", men bryr seg ikke um folkemordet som gjeng fyre seg i Sør-Sudan. Regimet der er ikke "kapitalistisk", men arabisk-muslimsk, og offeri er ikke muslimske, men jamt og samt kristne.

Dei ropar nei til Holocaust og rasisme ved kvar markering av Krystallnatti, men jødar som ber israelsk flagg vert nekta å vera med.

Dei er ulvar i färeklede og må avdekkjast. Dei er fårlege for demokratiet og bør yvervakast. Dei yvertek stødt fleire stillingar som dei kann nytta til å motarbeida verdsfreden og menneskerettane. Dei er aktive og fær stødt meir framgang, medan det passive fleirtalet søv. Me lyt

vakna fyre prisen vert for høg!

Ikkje ein ny krig!

Fråsegn frå Norsk Målungdom 3. februar 2003.

Norsk Målungdom arbeider for nynorsk i Noreg, og byggjer arbeidet på prinsippa om folkestyre og nasjonal sjølvråderett. Disse prinsippa vert truga om USA går til åtak på Irak. Ein krig vil ikkje føra til ei demokratisk utvikling, og NMU sluttar seg difor til fredsiniativet "Ingen krig mot Irak – ikkje i mitt namn" for å markera at om den norske regjeringa stør ein invasjon i Irak er det ikkje med Norsk Målungdom i ryggen.

Det er her ikkje tale om ein humanitær intervensjon, men om maktpolitikk. Denne gongen er det ingen som er angripne og skal forsvarast, det er tale om ein åtakskrig mot Irak der dei uttalte måla er regimeskifte og avvæpning. [...]

Den viktigaste regelen i Folkeretten er at det berre er legitimt å bruka militærmakt for å forsvara eige land, åtak er ikkje lov. Dersom desse reglane vert veikte, vil det gjera det lettare for militært sterke land å gå til åtakskrig ut frå egne interesser, og det vil vera eit trugsmål mot folkestyret og sjølvrådet til folk i heile verda. [...]

SN-inspektørar arbeider no med å finna ut om Irak har masseøydeleggjingsvåpen. USA og Bush er ikkje viljuge til å gje SN tid til å gjera undersøkingane ferdige, men er klare til å gå til åtak. Dette er eit tydeleg teikn på at USA ikkje respekterer SN, men ynskjer krig.

Dersom det viser seg at Irak sit på masseøydeleggjingsvåpen har me likevel ikkje rett til å gå til krig mot landet. Ein krig vil fyrst og fremst gå ut over det irakiske folket og auka lidningane deira. Ingenting tyder på at Irak og Saddam Hussein er omgåande trugsmål for nabolanda. Ein krig mot Irak vil styrka terrorkreftene i verda og veikja den internasjonale rettsordenen.

Norsk Målungdom seier nei til krig mot Irak, og nei til norsk deltaking.

B



ISSN-1503-2469

Huizingas haust

Av Ronny Spaans

Johan Huizinga

Middelalderens høst

Umsett av Mette Nygård

Thorleif Dahl Kulturbibliotek, 2004

Når gav folk heilage lovnader ved å røra eit villsvin eller når gjekk dei med pels um sumaren og tunnklede um vinteren for å oppfylle kravi til ein kjærleiksorden? Svaret, millomalderen, var forskingsområdet til Johan Huizinga (1872 – 1945), den mest kjende nederlandske historikaren i fyrre hundreåret.

Hovudverket hans frå 1919, *Middelalderens høst*, er ein klassikar i sogelitteraturen. Boki er no tilgjengeleg på norsk i Thorleif Dahls Kulturbibliotek. Ho inneheld ein gjennomgang av seinmillomalderen, det femtande hundreåret, i dei sokalla burgundiske Nederlandi – eit område som i dag dekkjer Nederland, Belgia og delar av Nordfrankrike. Men med det vide forskarblikket sitt peikar han på ålmenne drag ved åndslivet i heile Europa på denne tidi. Huizinga viser korleis høviske dygder, petrarkisk kjærleiksdyrking og ærekjensla frå det føydalske samfunnet på 1200-talet hadde mist verdet sitt, men likevel levde vidare som norm i eit modernisert samfunn som var basert på kvardagen hjå handverkar- og handelsfolk i byane.

Me kjenner til ein liknande situasjon i den vidgjetne romanen til Cervantes, der lågadelmannen Don Quijote tapar seg burt i gamle føydalske riddarideal og blandar saman draum og røynd. På 1400-talet skulde kvar velmeinande handling stiliserast, gjerast synleg vakker i samsvar med gjerningane til historiske heltar og helgenar – endå det etiske innhaldet longo hadde kvarve.

Denne disharmonien millom livsform

og røyndom skapte slike absurde situasjonar som dei eg nemnde i opningi. Grensa millom leik og røyndom vart viska ut, men ikkje slik at folk på 1400-talet blindt fylgde formalitetstvangen, nei heller slik at dei utnytta han slik det bata deim eller ironiserte over han når fråstanden vart påfallande stor.

Slik har *Middelalderens høst* fenge ny relevans i vår postmoderne tid. Ein samtidig parallell til disharmonien millom livsform og røyndom er dei urbane røffe ungdomsmotane og -haldningane som vi tolleg skuldlause og urøynde velferdstatsmenneske umgjev oss med. I vår tid er det ikkje tale um å stilisera gjerningar og størst mogelege positurar, heller å anti-stilisera, å ikkje sjå vakker ut, men mest mogeleg ustudert og opprørsk ut: å gå med sagga bukser, dongeribukser som er fabrikerte til å sjå utslitne ut utstyrte med bleike flekkar og lappar osb – syna fram tilfeldige, likesæle og overdrivne avslappa positurar – berre sjå på reklamesidene i eit moteblad der modellen, ein unormalt syltunn tenåring med eit sjukeleg bleikt andlet, stend i ein positur som i røyndi hadde vore heilt umogelig. Men gjeng ein desse haldningane og motane nærare etter i saumane, viser det seg at det ustuderte og røffe likevel er noggrannt gjennomstudert. Den som gjeng med buksa litt for dryg i saggen, med ei litt for bleika skjorta, ja, eller i verste fall, den som i all denne røffe framtoningi, hev sveittringar under armane, skitne neglar eller eit sår med den minste ymt um blod, vert i dei mest moterette krinsane raskt diskvalifisert og utfryst. Det paradoksale ved livsformi vår er denne ”stiliserte anti-stilen”. Grensa millom leik og røyndom er viska ut, og på same vis som 1400-talsmenneske ironiserer me

yver og leikar med han, når fråstanden millom livsform og røynd vert for stor, men utan å gjeva slepp på han. Ei onnor bok av Huizinga, “Homo ludens” (1938), ”det leikande mennesket”, gjeng nærare innpå leiken som eit grunnelement i kulturen. Boki er umsett fleire gonger til dansk og svensk, siste umsetjingi til svensk kom ifjor.

Men attende til millomalderen. Huzinga hev havt tvo mål for *Middelalderens høst*. For det fyrste er det eit forsvarsskrift for seinmillomalderen. Den rømer meir enn den kolmørke undergangsstemmingi me elles assosierer med denne tidi. Eit hovudpunkt er at Jan van Eycks målarkunst ikkje var eit friskt fyrevarsel om ei ny tid, renessansen, men var ein naturleg del av den fargerike haustlege avslutningi på millomalderen. For det andre ville Huizinga sprengje rāmene for historiefaget ved å leggja estetiske, intuitive og subjektive prinsipp til grunn for forskningi. Det er ikkje berre styrken, men og veikskapen i boki. Kor mykje Huzinga enn protesterte mot si samtids avgrensande akademiske historieforskning, var han også farga av samtidi. Til dømes når han umtalar krigsromantikken i millomalderen med rosande ordlag og skriv: “dette kunde like gjerne vorte sagt av en moderne soldat som av ein riddar i det femtande århundret”. Meiningsløysa i den fyrste verdskrigen hadde enno ikkje nått han. Difor må ein ha eit visst fråstand når ein nyter dette panoramaet på fem hundre sider av lover, anekdotar, litteratur- og kunstsoge med jamføringar med alt frå fotballkultur til buddhistiske skikkar i forfattarens eigi samtid.

Målmannen er avhengig av folk som skriv høgnorsk. Kom gjerne med stykkje og innlegg til bladet!

Attende til: Målmannen, Natland stud. by S136, 5081 Bergen

Sluttordet:

*Den som heve etet seg sjuk,
fær fasta seg frisk.*

Etter Ivar Aasen